

UNIVERSITETET FOR MILJØ- OG BIOVITENSKAP



Føreord

Denne oppgåve markerar avslutninga av ei femårig utdanning. Eg har i fem år studert *Eigedomsfag* ved Universitetet for miljø- og biovitenskap på Ås. Omfanget av oppgåva svarar til 30 studiepoeng, og er skrive våren 2012. Rettleiar undervegs i prosessen har vore jordskifterettsleiar og fyrsteamanuensis II, Erik Nord.

Eg vil nytte høve til å takke dei jordskifterettsleiarane og jordskiftedomarane samt ingeniørar og fylkesmenn som har teke seg tid til å svare på dei spørsmåla eg har hatt. Velvilja til å dele syn og snakke kring saka frå alle deltakande partar i denne undersøkinga har vore stor, noko eg har sett pris på.

Eg ynskjer å rette ein takk til Sæmund Stokstad, ein tidlegare medstudent som no arbeidar ved Gulating jordskifteoverrett. Han har vore ein god diskusjonspartner og har teke seg tid til å slå av ein prat ved trong.

Eg vil også rette ein stor takk til rettleiaren min Erik Nord. Han har vore særskilt flink å kome med konstruktive tilbakemeldingar og faglege innspel som har vore til stor hjelp.

Ås 15. mai 2012

Vidar Espen Sæbø

Samandrag

Denne oppgåva tek for seg ein del moment kring sakstypen grensegang for offentleg regulering av eigarrådvelde. Den er meint for å kaste lys over praksis hjå jordskifterettane i høve til handsaminga av denne typen grensegangs sak, samt lovverk som ligg til grunn for heimelen. Oppgåva har fått tittelen *Jordskifteretten som handsamar av grensegang for offentleg regulering av eigarrådvelde*.

Eg har undersøkt åtte jordskiftedomstolar i Noreg. Dei deltakande domstolane har svart på spørsmål kring den praktiske handsaminga av grensegang for offentleg regulering av eigarrådvelde. Eg har også snakka med dei fylkesmenna ein geografisk kan knytte til jordskifterettane som er med i undersøkinga.

Innleiingsvis gjer eg greie for bakgrunnsstoffet for oppgåva. Dette er dei lovparagrafane som er aktuelt å trekke fram i høve til denne typen grensegangs sak. Eg greiar også her ut om korleis vernesaker vert handsama hjå vernestyresmaktene, og korleis dei skal gå fram i ei slik sak. Vidare tek eg for meg jordskifteretten som rettsinstans, for deretter å kome inn på forholdet mellom jordskifteretten og forvaltninga.

Hovudfokuset i oppgåva er å kaste lys over ulike moment som er aktuelle i diskusjonen kring jordskifteretten si rolle som handsamar av grensegang for offentleg regulering av eigarrådvelde. Den viktigaste kjelda er intervjuobjekta, særleg med fokus på jordskifteretten sin praksis. Ved å nytte dette materialet og supplere med bakgrunnsstoffet får eg stilt spørsmål kring ei rekkje tilhøve.

Undersøkinga syner at det er fleire av jordskifterettane som stiller seg sjølv spørsmålet om dette bør vere ei oppgåve for domstolen. Det vert vidare avdekkja at det er skilnadar i korleis ulike jordskifterettar handsamar same type sak. Dette gjeld særskilt i høve til å fysisk fastsetje ei eigedomsgrense der denne og vernegrensa er meint å vere samanfallande. Eg har blant anna teke for meg problematikken kring uklære vernekart jordskifteretten får inn ved krav om grensegang. Eg har også sett litt på korleis praksis faktisk er i høve til førearbeida til lovheimelen i jordskiftelova § 88.

Det er ved ei slik undersøking vanskeleg å kome fram til ein klår konklusjon i og med at tidsrommet er avgrensa til eit semester, og omfanget av undersøkinga ikkje er stort nok. Oppgåva syner mellom anna at det ligg føre eit stort betringspotensiale i høve til kart og kartgrunnlagt frå vernestyresmaktene si side. Det kjem også fram at prosessane som førar fram til vernevedtak og jordskifteretten sitt arbeid kan verte betre koordinert. Dette har Direktoratet for naturforvaltning uttalt at dei allereie er i gong med å sjå på.

Abstract

This master thesis is intended to highlight different aspects concerning the land consolidation court's role in the specific cases of public regulation of property rights. I have interviewed eight land consolidation courts about their processing of these types of cases. According to *The land consolidation act of 1979 § 88 second paragraph*, the land consolidation court is obligated to process these cases.

The courts are located throughout the country. Working with this thesis I have interviewed eight land consolidation judges, eight engineers working with the court and eight county governors.

The main focus was to locate different views on the matter. I received opinions from the judges and this combined with the law and the laws preparatory work, I found several aspects that could be subject to discussion, such as the problems related to the conservation maps. I also found that the whole process which leads to this decision possibly could be more consistent.

The result produced by the land consolidation court is very satisfactory to the parties involved in these cases. The land consolidation court is known for their accurate measurement and mapping of borders. Several people inside the academic secular think that these specific cases are more an administrative task than a court assignment.

Innhold

1. Innleiing	1
1.1 Utgangspunktet for oppgåva.....	1
1.2 Tema og problemstilling.....	2
1.3 Anna materiell om temaet.....	4
1.4 Metode	5
1.4.1 Geografisk og tematisk avgrensing	5
1.4.2 Framgangsmåte	8
1.4.3 Munnlege kjelder.....	8
1.4.4 Intervju som metode.....	9
1.4.5 Oppbygging av oppgåva.....	10
2. Bakgrunnsmateriale, lovreglar og annan litteratur.....	11
2.1 Innleiing.....	11
2.2 Vern	11
2.2.1 Saksgang ved ordinært vern	12
2.2.2 Saksgang ved friviljug vern.....	17
2.3 Om jordskifteretten.....	18
2.3.1 Forholdet mellom jordskifteretten og forvaltninga	19
2.4 Lovgrunnlaget.....	21
2.4.1 Jordskiftelova § 17	21
2.4.2 Jordskiftelova § 17 a	23
2.4.3 Jordskiftelova § 74	25
2.4.4 Jordskiftelova § 88	26
3. Empiri	29
3.1 Det empiriske utvalet.....	29
3.2 Presentasjon av jordskifterettane	29
3.2.1 Helgeland jordskifterett.....	29

3.2.2	Nedre Telemark jordskifterett	34
3.2.3	Nordfjord jordskifterett	36
3.2.4	Nord-Troms jordskifterett	38
3.2.5	Nord-Trøndelag jordskifterett	40
3.2.6	Akershus og Oslo jordskifterett.....	41
3.2.7	Sør-Trøndelag jordskifterett	44
3.2.8	Vestfold jordskifterett	46
3.3	Presentasjon av fylkesmannskontora.....	47
3.3.1	Fylkesmannen i Nordland	47
3.3.2	Fylkesmannen i Telemark	48
3.3.3	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	49
3.3.4	Fylkesmannen i Troms	51
3.3.5	Fylkesmannen i Nord-Trøndelag	52
3.3.6	Fylkesmannen i Akershus og Oslo.....	53
3.3.7	Fylkesmannen i Sør-Trøndelag	54
3.3.8	Fylkesmannen i Vestfold.....	55
4.	Drøfting.....	56
5.	Avslutning.....	69
6.	Kjelder.....	71

Liste over vedlegg

Vedlegg 1	Retningslinjer for utforming av vernekart
Vedlegg 2	Godkjenning frå Norsk Samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS
Vedlegg 3	Intervjuguide til jordskifterettane
Vedlegg 4	Intervjuguide til fylkesmenna

Liste over figurar

Figur 1	Illustrasjon av knekkpunkt og skjeringspunkt	side 5
Figur 2	Geografisk stadfesting av utvalet jordskifterettar	side 7
Figur 3	Høyringsutkast for Elsfjord naturreservat	side 33
Figur 4	Situasjonskart for Ulvøya plantefredingsområde	side 44
Figur 5	Jordskiftekart for Ulvøya plantefredingsområde	side 44
Figur 6	Vernekart for Storkollen naturreservat	side 58
Figur 7	Jordskiftekartet for Storkollen naturreservat	side 58
Figur 8	Vernekart for Valberg naturreservat	side 60
Figur 9	Jordskiftekart for Valberg naturreservat	side 61

1. Innleiing

1.1 Utgangspunktet for oppgåva

Den første lova kring freding av natur vart i Noreg vedteke 25. juni 1910, og det første vernet av natur etter eige lovverk var vern av planteliv på Dovrefjell i 1911. I 1962 vart den første nasjonalparken i Noreg oppretta, Rondane nasjonalpark. Frå 1970-talet og framover vart det lagt fram fylkesvise verneplanar. Desse planane tok for seg naturtypane tematisk gjennom vern av viktige område som til dømes myr, våtmark og edellauvskog. Denne forma for systematisk prioritering og gjennomføring av områdevern var unik då den var sett i gong, og har sett Noreg i eit positivt lys i høve til å ta vare på naturtypar. (Direktoratet for naturforvaltning 2001¹)

For å drive oppsyn og skjøtsel av verna område, er det naudsynt å merke yttergrensene for desse områda i terrenget. Det er samstundes viktig for grunneigar å vere klår over kvar grensene går for verneområdet, då bruken av verna areal er regulert ved eigne forskrifter. Det har vore prøvd ulike metodar for å få merka grensene på ein tilfredstillande måte, blant anna har Statens kartverk, private oppmålingsfirma samt forvaltninga sjølv gjort denne jobben. Resultata frå dette arbeidet kan ikkje samanliknast med det arbeidet jordskifteretten gjer i høve til å få merka desse grensene. Sakstypen vart teke inn i *Lov om jordskifte o.a av 1979* (jordskiftelova) i 2001²

Sakstypen grensegang for offentlig regulering av eigarrådvelde er heimla i jordskiftelova § 88 første ledd. Andre ledd i paragrafen gjev vernestyresmaktene heimel til å krevje grensegangsak for jordskifteretten i samband med oppmåling og merking av vernegrenser. Sakstypen inneber mykje teknisk oppmålingsarbeid og mindre domstolsverksemd. Dette gjer at ein kan stille spørsmål om dette er ei domstolsoppgåve.

Tittelen på denne oppgåva er, *Jordskifteretten som handsamar av grensegang for offentlig regulering av eigarrådvelde*. Som tittelen tilseier vil eg i denne oppgåva setje fokus på sakstypen offentlig regulering av eigarrådvelde, og i den samanhengen vil eg kome inn på

¹ Direktoratet for naturforvaltning (2001) Handbok nr. 17, *Områdevern og forvaltning*. Henta frå <http://www.dirnat.no/content/1191/Omradevern-og-forvaltning>. Kapittel 1, side 4. Lest 17. januar 2012.

² Lov 21. desember 1979 nr. 77 om jordskifte o.a. og i einskilde andre lover Ot.prp.nr.76 (2000-2001) (endringslov)

forholdet mellom jordskifteretten og forvaltninga. Oppgåva byggjer på ein kombinasjon av noverande jordskiftelov, empiri, og relevante moment frå forslaget til ny jordskiftelov. Grensegang for offentleg regulering av eigarrådvelde er ein forholdsvis ny sakstype etter jordskiftelova.

Empiridelen byggjer på erfaringar og opparbeidd praksis frå jordskifterettane og fylkesmenna i høve til korleis handsaminga av ei grensegangsak for offentleg regulering av eigarrådvelde er, etter at kravet er registrert hjå jordskifteretten. Vidare vil den klarleggje i kor stor grad og kvifor jordskifteretten vert nytta frå vernestyresmaktene si side. Hjå jordskifteretten vil empirien verte hente frå både domarverksemd og det arbeidet ingeniørane gjer i høve til det praktiske arbeidet kring vernegrensa.

Eg finn temaet interessant av fleire årsaker. Eg har gjennom studietida fått arbeide med oppmåling og merking ved jordskifterettane. Dette vere seg Indre Sogn jordskifterett sommaren 2008, og periodiske engasjement ved Akershus og Oslo jordskifterett i perioden frå 2008 til og med 2011. Eg fekk forslaget om nettopp denne oppgåva frå jordskifterettsleiaren i Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett, Vidar Otterstad. Forslaget fann eg særst interessant og spennande fordi eg ved Akershus og Oslo jordskifterett i all hovudsak har hatt arbeidsoppgåver knytt til oppmåling av vernegrenser. Eg har i ein periode vore interessert i å finne ut meir kring dette temaet, fordi det tidlegare har vore sett mykje fokus på at jordskifteretten er ein domstol og ikkje eit forvaltningsorgan. Eg meiner derfor at det er interessant å setje fokus på sakstypen grensegang for offentleg regulering av eigarrådvelde.

1.2 Tema og problemstilling

Eg vil undersøkje korleis praksis er hjå eit utval jordskifterettar i høve til handsaminga av grensegang for offentleg regulering av eigarrådvelde. Eg vil med bakgrunn i praksisen samt førearbeida til endringa i jordskiftelova i 2001, undersøkje om det ligg føre tilhøve ein bør sjå nærare på i dag. Eg finn av mi eiga erfaring i høve til å arbeide med denne typen grensegang at mykje av arbeidet kring ei slik sak dreiar seg om måling og merking av grensa. I denne samanhengen ynskjer eg å trekkje inn jordskiftelova § 89 første ledd fjerde punktum. Her finn vi eit vilkår som seier at ei grensegangsak for jordskifteretten ikkje skal fremjast utan særlege grunnar over store samanhengande områder der saka vil få karakter av å vere eit systematisk merke- og målearbeid. Saman med dette vil eg diskutere om vilkåra for å kunne krevje

grensegangsak for jordskifteretten er til stades. Utanom at prosessføresetnadane skal vere tilstades, er det eit vilkår for å halde grensegangsak for jordskifteretten at grensa anten skal vere uklår eller omtvista. Dersom det er tvist kring ei grensestrekkje er vilkåret til stades, men kva med dei høva der det ikkje er tvist, kan ein seie at ei grense som er vedteke ved Kongeleg resolusjon verkeleg er uklår? Reglane for sakshandsaminga og dermed praksisen hjå verneestyresmaktene er omhandla i handbok nr. 17-2001 *Områdevern og forvaltning*, samt rundskriv T-3/99 *Naturvernloven*³.

Utgangspunktet for arbeidet med oppgåva er å kaste lys over ulike moment kring jordskifteretten si rolle i høve til å vere den institusjonen som skal handsame grensegang for offentleg regulering av eigarrådvelde. Eg har med bakgrunn i dette kome fram til følgjande problemstilling.

Problemstilling:

- Korleis handsamingar jordskifteretten grensegang saker for offentleg regulering av eigarrådvelde?

For å undersøkje dette nærare har eg definert to underproblemstillingar:

- Korleis ser verneestyresmaktene på jordskifteretten som handsamar av vernegrenser?
- Korleis regulerar lovverket grensegang for offentleg regulering av eigarrådvelde

Problemstillinga er vald på bakgrunn av samtalar med Vidar Otterstad hausten 2011, han har gjeve meg ei generell oppfatning om at det er delte meininga kring jordskifteretten si rolle i desse sakene.

³ <http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/dok/rundskriv/1999/t-399-naturvernloven.html?id=425437> Lest 18.


1.3 Anna materiell om temaet

Etter det eg kjenner til er det skrive særst lite kring temaet. Dette kan ha ein samanheng med at moglegheita for det offentlege til å krevje grensegangsak når det gjeld regulering av eigarrådvelde, kom først ved lovendring 15. juni 2001⁴. Det vil seie at vernestyresmaktene berre har hatt høve til å nytte seg av jordskifteretten til oppmåling og merking i om lag 11 år. Av det som tidlegare er skrive, bør rapporten frå domstolsadministrasjonen *Jordskifterettens kjernevirksomhet* frå 2009 nemnast. I denne rapporten tek ei prosjektgruppe for seg jordskifteretten si kjerneverksemd slik den er i dag, og slik den bør vere i framtida. Her kjem det fram at dei såkalla «vernesakene», det vil seie grensegang for offentlig regulering av eigarrådvelde, er saker jordskifteretten *må* og *bør* handsame.

Det er i tillegg til denne rapporten frå Domstolsadministrasjonen, ei aktuell handbok frå Direktoratet for naturforvaltning *DN-håndbok nr. 17-2001 Områdevern og forvaltning*⁵. Det er sagt frå Direktoratet si side at denne er under revisjon for å leggje retningslinjene meir til rette i høve til korleis jordskifteretten og vernestyresmaktene faktisk arbeidar. Handboka er retningsgjevande med omsyn til korleis fylkesmenna skal ta hand om vernesakene, med fokus på fylkesmenna sine arbeidsoppgåver og korleis jordskifteretten kjem inn i bilete. Det vert gjennom denne handboka påpeika at sakene skal krevjast for jordskifteretten, og at jordskifteretten då skal måle og merke grensene, knekkpunkta i grensa og skjeringspunkt mellom eigedomsgrenser og vernegrense, jf. figur 1 under.

⁴ Lov 21. desember 1979 nr. 77 om jordskifte o.a. og i einskilde andre lover Ot.prp.nr.76 (2000-2001) (endringslov)

⁵ Denne er oppdatert i høve til gjeldande lovgjeving i september 2010



Figur 1 Illustrasjon av knekkpunkt i ei vernegrense, og skjeringspunktet mellom eigedomsgrense og vernegrense

Eg finn også NOU 2002:09, *Jordskifterettenes stilling og funksjoner*, interessant i høve til temaet eg skriv om, då den tek for seg jordskifteretten i høve til forvaltninga. Sjølv om denne går litt på sida av problemstillinga i denne oppgåva, er det prinsipielle spørsmål eg meiner får verknad for drøftinga her. I hovudsak gjeld dette føreslåtte tiltak for å gjere skilje mellom jordskifteretten og forvaltninga tydelegare. Eg vil her peike på dei forslaga til endringar i dågjeldande jordskiftelov og oppmodinga om å organisere jordskifteretten under Domstolsadministrasjonen i staden for Landbruksdepartementet.

1.4 Metode

1.4.1 Geografisk og tematisk avgrensing

Det er inga avgrensing for kvar i landet ein finn vernevedtak. Eg har prøvd å få eit representativt utval av jordskifterettar rundt om i landet. Utvalet av kva jordskifterettar eg vil nytte er basert på kor mange saker av denne typen dei har handsama primært dei tre siste åra. Dersom ein jordskifterett har handsama fleire saker frå tidlegare tidsrom har eg også teke dette med i vurderinga.

I starten av arbeidet med oppgåva fekk eg tildelt ein perm av Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett, denne fekk eg som hjelpemiddel i høve til arbeidet eg skulle gå i gang med. Permen inneheld informasjon frå eit seminar som vart halde i Domstolsadministrasjonen våren 2011, der nettopp grensegangsak for offentlig regulering av eigarrådvelde vart teke opp


og drøfta. Gjennom dette seminaret var det høve for jordskiftedomarar til å setje fokus på enkelte spørsmål dei ynskte å diskuterte eller finne svar på. Det går fram av innhaldet i permene at fleire av jordskifterettane ikkje har avklart praktiske spørsmål kring det rettslege og det tekniske arbeidet kring ei grensegangs sak av denne typen. Blant anna vert det stilt spørsmål ved verne styresmaktene sin kompetanse i forhold til eigedom og eigedomsrett. Det vert også peika på at fleire jordskifterettar følar seg for sterkt knytt til retningslinjer frå verne styresmaktene. Jordskifterettane ynskjer seg større handlefridom i forhold til vernegrensa. Det vert sagt gjennom handbok nr. 17-2001, *Områdevern og forvaltning*, at jordskifteretten ved si grensehandsaming ikkje skal kunne avvike frå den vedtekne vernegrensa i vesentleg grad. Dersom dette vert gjort, skal det takast opp med Direktoratet for naturforvaltning. Det vert nemnd at handlefridomen til ingeniørane er for liten i høve til å finne tenelege stadar å plassere grensemerke. Det går også fram av momenta som kjem opp på seminaret, at det er sprikande praksis i den enkelte jordskifterett i høve til korleis vernegrensa vert merka. Om det skal merkjast berre i knekkpunkt, om det skal merkjast i intervall på lange rette grenser, og korleis praksis er kring merking der vernegrensa kryssa ei eksisterande eigedomsgrense.

Eg har vald å kartleggje jordskifterettane sin praksis for handsaming av grensegangs sak for offentleg regulering av eigarrådvelde. Dette vere seg den delen domaren står for i rettsmøte, og den tekniske delen, det vil seie korleis ingeniørane gjer det i høve til dei retningslinjer som er gjevne gjennom handbok nr. 17-2001 frå Direktoratet for naturforvaltning. I tillegg til dette vil eg prøve å finne ut i kor stor grad den enkelte jordskifterett nyttar seg av inntak av sideutgifter og kva desse vert nytta til.

Utvalet omfattar følgjande jordskifterettar

- Akershus og Oslo jordskifterett
- Vestfold jordskifterett
- Nedre Telemark jordskifterett
- Nordfjord jordskifterett
- Sør Trøndelag jordskifterett
- Nord Trøndelag jordskifterett
- Helgeland jordskifterett
- Nord Troms jordskifterett

Som vi ser av lista over og kartet på neste side, er ikkje utvalet representert frå verken sørvestlandet, sørlandet, nordaustlandet eller midtnoreg. Dette har si årsak i at dei jordskifterettane i desse områda som svarte på førespurnaden min, ikkje hadde handsama nok saker i høve til andre jordskifterettar.



Figur 2 Kart over Noreg, utvalet av jordskifterettar er merka med raude punkt

1.4.2 Framgangsmåte

Eg tok kontakt med alle jordskifterettane i landet per e-post for å kartleggje kor mange saker kvar enkelt rett hadde handsama i perioden 2009 til 2011. Eg valde nettopp denne perioden fordi eg ynskte å ha med jordskifterettar som handsamar denne typen saker i dag. Dette såg eg som naudsynt i høve til å kartleggje gjeldande praksis hjå dei ulike jordskifterettane.

Responsen var god, og med bakgrunn i svara eg fekk klarte eg å finne eit representativt utval som var godt geografisk skilt. Eg har intervjuar domarar og ingeniørar ved dei enkelte kontora. Dette for å kartleggje sakshandsaminga og juridiske spørsmål som kan oppstå under ei slik sak. Ingeniørane ynskte eg skulle svare på korleis den praktiske delen av grensegangsaka vert gjennomført, og korleis praksis for merkearbeidet var på det enkelte kontoret. Med utgangspunkt i den geografiske plasseringa av jordskifterettane utvalet omfattar, fann eg det hensiktsmessig å ta kontakt med dei geografisk tilhøyrande fylkesmenn. Utvalet av jordskifterettar avgjorde valet av kva fylkesmenn eg ynskte skulle delta i undersøkinga.

1.4.3 Munnlege kjelder

Grunnlaget for empiridelen er dei munnlege kjeldene. Intervjua av jordskiftedomarar, ingeniørar og fylkesmenn er ei såkalla kvalitativ datainnsamling. Intervjua i ei slik datainnsamling går føre seg meir som ein samtale enn ei utspørjing.

Eg starta med å intervjuar jordskifterettane, anten ein domar eller jordskifterettsleiar, og ein ingeniør, som alle hadde vore med å handsame denne typen saker ved sitt kontor. Jordskifterettane har uttala seg generelt om korleis praksis er for handsaminga av grensegangsak for offentlig regulering av eigarrådvelde ved deira kontor. Det har ikkje vore tale om enkeltsakar. Intervjua gjekk føre på telefon, med unntak av jordskifteretten i Akershus og Oslo som eg vitja personleg. Alle intervjua vart tekne opp på lydband, noko intervjuobjekta gav løyve til før opptaket tok til.

Hjå verneestyresmaktene intervjuar eg dei kontaktpersonane jordskifterettane nytta seg av, men det var ikkje alle jordskifterettane som hadde ein kontaktperson hjå verneestyresmaktene. Hjå dei dette gjaldt måtte eg ringe og høyre om det var nokre som hadde kjennskap til handsaminga av vernesaker ved det aktuelle fylkesmannskontoret. Dette gjekk i orden i dei høva der dette var naudsynt.

I samband med intervjuja hadde eg på førehand utforma dei spørsmåla eg ynskte svar på. Dette var utgangspunktet for samtalaneg hadde med intervjuobjekta. Masteroppgåva er på grunn av bandopptak av intervjuja meldepliktig til Norsk Samfunnsvitskapeleg Datateneste (NSD). Godkjenning frå NSD er lagt ved som vedlegg 2. Intervjuguidane til jordskifterettane og fylkesmenna er lagt som vedlegg 3 og 4.

1.4.4 Intervju som metode

Opgåva er i stor grad basert på intervju med eit utval jordskifterettar og fylkesmenn. Eg kunne vald å gjere ei kvantitativ undersøking som til dømes ei spørjeundersøking til eit større utval. Dette ville gjeve fleire og meir målbare resultat. Grunnen til at eg ikkje gjorde det, var at eg ynskte informasjon utover korte spørsmål og korte svar. Eg valde med andre ord ein kvalitativ metode kor eg intervjuja kjeldene sjølv per telefon. Dette ga større mogelegheit for å vike frå intervjuguiden undervegs og følgje opp moment som vart trekt fram i samtalaneg. Gjennom ein slik prosess måtte eg syte for ikkje å verte subjektiv eller partisk i høve til nokre av intervjuobjekta. Dette meiner eg sjølv eg har klart.

Fordelar ved ei kvalitativ undersøking som dette, er at ein får lettare etablert ein samtale og faglege diskusjonar med kompetente fagfolk på området. Dette kan påverke intervjuobjekta i retning av at dei kanskje må tenkje lenger og grundigare på spørsmåla enn ved ei kvantitativ undersøking. Eg har møtt og snakka med personar som er interessert i temaet og ynskjer å snakke utover spørsmåla. Dette har eg sett stor pris på. Dei personane som har vorte intervjuja, har alle sjølv vore med på anten handsaming av grensegang for offentleg regulering av eigarrådvelde, eller har god kjennskap til handsaming av slike saker hjå vernestyresmaktene.

Intervjuja har gått føre seg over noko tid. Dette har vorte regulert av kva tid personane hadde til ein telefonsamtale med meg. Det at eg tok opp intervjuja på lydband har gjort at eg i fred og ro kunne setje meg ned å høyre på dette samstundes som eg skreiv det inn i oppgåva. Dette fann eg var ein særsgod metode, då eg kan høyre intervjuet fleire gongar og dersom naudsynt, berre delar av det. Alle eg har snakka med har vore opne og interesserte i å snakke med meg. Eg har ikkje fått inntrykk av at nokon held informasjon tilbake.

1.4.5 Oppbygging av oppgåva

Vi finn i starten av oppgåva innleiingskapittelet som er meint å gje lesaren eit innblikk i tema og problemstilling denne undersøkinga tek for seg. Saman med dette får lesaren også kjennskap til metodikk og framgangsmåte. Eg har også i dette kapittelet gjort greie for kvifor eg valde nettopp dette temaet.

Kapittel to inneheld det teoretiske bakgrunnsmateriale for oppgåva. Her gjer eg greie for lovgrunnlaget for sakstypen grensegang for offentleg regulering av eigarrådvelde og anna materiell eg finn interessant for oppgåva. Under dette kapittelet har eg også skrive litt generelt om jordskifteretten og jordskifteretten sitt forhold til forvaltninga. Det er i dette kapittelet eg skriv om korleis saksgongen for ei vernesak går føre hjå vernestyresmaktene.

Det tredje kapittelet omhandlar resultatata frå intervjuja og er empiridelen av oppgåva. Samtalane vert presentert som ein tekst, noko eg meiner er den beste måten å framstille resultat på.

Det fjerde kapittelet er eit drøftingskapittel. Her drøftar eg dei ulike momenta eg meiner er relevante i høve til problemstillinga. Dette kapittelet utgjer mykje av grunnlaget for avslutningskapittelet.

I kapittel fem finn vi avslutninga av oppgåva. Her vil eg kome med eigne tankar og refleksjonar kring undersøkinga. Vidare vil eg sjå på kva undersøkinga har resultert i.

2. Bakgrunnsmateriale, lovreglar og annan litteratur

2.1 Innleiing

Eg vil i dette kapittelet greie ut om dei aktuelle lovreglane, bakgrunnsmateriale og anna aktuell litteratur som er naudsynt for forståinga av oppgåva. Stoffet som vil verte presentert her, er det teoretiske grunnlaget for oppgåva. Eg vil gjennom kapittelet gå inn på dei aktuelle lovparagrafane som kjem til nytte i grensegangsak for offentleg regulering av eigarrådvelde, og i tillegg vil eg gjere greie for jordskifteretten og arbeidsoppgåvene til jordskifteretten. Det første eg vil ta for meg er saksgongen i ei vernesak hjå vernestyresmaktene.

2.2 Vern

Det kan vere fleire årsaker til at eit areal vert verna. Ved å verne eit særskilt område gjev forvaltninga dette området ein særleg rettsleg status med føremål å trygge miljøet. Områdevern skal bidra til å ta vare på artar, naturtypar og økosystem og er på denne måten eit viktig verkemiddel for å trygge mangfaldet i naturen.

At eit område vert verna vil seie at det har vore gjort ei vurdering der vernestyresmaktene har sett på nytte av bruk opp mot verdien vernet vil gje på eit generelt grunnlag. I dei høva det vert gjennomført eit vern har med andre ord vernestyresmaktene funne at verneinteressene talar sterkt.

Føremålet med vern er å ta vare på naturverdiar og naturstilstand. Føremålet kan vere knytt til naturen sin eigenverdi sjølv utan at det er naudsynt å vise til ein nytteverdi for menneskje, føremålet kan også ha naturvitskapeleg karakter. For fleire verneområde står verdien av oppleving og rekreasjon sterkt.

I det vidare vil eg gå nærare inn på saksgongen for handsaminga av ei vernesak hjå forvaltninga. Eg vil først gå inn på saksgongen ved ordinært vern for deretter å kome inn på friviljug vern.

Det er reglar for sakshandsaminga for vernesaker hjå forvaltninga, desse finn vi i *Lov av 01.07.2009 om forvaltning av naturens mangfold* (naturmangfoldloven) §§ 41-43 og vidare spesifisert i rundskriv T-3/99 *Naturvernloven*. Korleis gjennomføringa skal gå føre, er greia ut

om i handbok nr. 17-2001 *Områdevern og forvaltning* og Rundskriv T-3/99. Sakshandsamingsreglane for friviljug vern finn eg i handboka, medan reglane for sakshandsaminga for ordinært vern finn eg i rundskrivet. Reglane i rundskrivet er i utgangspunktet etter naturvernlova som ikkje gjeld i dag, men det er framleis gyldig då dei fleste reglane er vidareført til ny lovgjeving. Dei endringane som har vorte gjort går fram av handboka.

Direktoratet for naturforvaltning har oppmoda meg om å gjere det klårt at både rundskrivet og handboka er under ein større revisjon som truleg vil vere ferdig i løpet av 2012, men ikkje tidsnok til at eg kan dra nytte av det i denne undersøkinga. I alle høve er det desse reglane som er gjeldande i dag.

2.2.1 Saksgang ved ordinært vern

Reglane som ligg føre for handsaminga av ein vernesak er til for å fremje rettstryggleik og riktige avgjersler. Vidare skal reglane trygge at verneforslaget vert grundig utreda, og at alle partar som vert råka eller har interesser i området, får ytre synspunkta sine.

Fylkesmannen set i gong arbeidet med eit konkret verneforslag etter oppmoding frå Direktoratet for naturforvaltning. Verneforslaget skal sendast til kommunar andre offentlege organ dersom dei har interesser som vert omfatta av forslaget.

Fylkesmannen vil i starten av arbeidet vurdere i kva grad han ynskjer og treng innspel og rådslaging med lokale styresmakter. Sakshandsaminga skal leggje til rette for eit best mogeleg samarbeid mellom vernestyresmaktene og lokale styresmakter samt grunneigarar og andre partar som har interesser som vert omfatta av prosessen. I denne fasen av arbeidet vil det vurderast i kor stor grad verneforslaget kan tilpassast lokale og regionale planar. Det vert vurdert om det er naudsynt og/eller teneleg med ei samordna planlegging mellom vernestyresmakta og lokale planstyresmakter. Her med tanke på parallell planlegging, bruk av verkemiddel, avgrensing av planområdet og framdrift i planarbeidet. Det skal også avklarast om det er naudsynt med, og eventuelt i kor stor utstrekning det skal gjerast faglege registreringar og utgreiingar.

Vidare er det viktig å identifisere dei grunneigarane verneforslaget råkar slik at dei kan trekkjast inn i prosessen så tidleg som mogeleg. Fylkesmannen skal tidleg i prosessen gjere greie for dei rammene for ressursar som er sett av til arbeidet med vernet.

Fylkesmannen skal vurdere å setje saman lokale referansegrupper eller rådgjevande utval saman med fylkeskommune og kommune. Dette utvalet skal kunne hjelpe til med å finne informasjon kring eigedomsforhold, brukarinteresser og skal kunne gje råd om organiseringa av planarbeidet, val av verneform, områdeavgrensing, vernereglar. Utvalet vil også sjå på konsekvensane vernet vil føre med seg i høve til primærnæring, friluftsliv og liknande. Dersom det er ynskjeleg skal fylkesmannen halde eit eige orienteringsmøte for kommunestyret eller fylkestinget om kva planar som ligg føre, føremål for vernet, aktuelle verneformer, rettsverknadar av dei ulike verneformene, sakshandsaming, organisering av verneplanarbeidet og framdrift. Fylkesmannen bør i det vidare informere om områdeavgrensing, verneforskrift, mogelege arealkonfliktar, forhold til kommuneplan, reguleringsplanar, brukarinteresser mv.

Fylkesmannen skal vere tilgjengeleg og open i høve til partane som er omfatta av vernet. Fylkesmannen skal om naudsynt halde møter og/eller synfaring saman med partane gjennom heile verneprosessen. Dei grunneigarane som vert råka av vernet skal så langt det let seg gjere trekkjast inn i eit samarbeid ved planlegging og gjennomføring av faglege registreringar på den enkelte eigedom.

Dei som vert råka av arbeidet med vernet skal få høve til å medverke ved utforminga av eit verneforslag. Fylkesmannen skal derfor gjere vernearbeidet og konsekvensane av vernet kjend ved melding. Kunngjeringa skal skje i minst to aviser som normalt vert lest på staden.

Fylkesmannen skal sende ut ei skriftleg melding til alle partar som vert råka, dette vere seg grunneigarar, eigar av bruksrett, lag og organisasjonar mfl. Der det kan vere vanskeleg å nå fram til eller finne fram til alle partane vil fylkesmannen melde frå til grunneigarorganisasjonar/ -lag, slik at desse kan hjelpe til med at informasjonen kjem ut til fleire.

I meldingsbrevet skal det fastsetjast ein frist på tre veker for å kome med merknadar før eit verneforslag vert utforma. Det bør også i same brev gå fram at verneforslaget vil verte sendt ut på ordinær høyring på eit seinare tidspunkt.

Kunngjeringa skal gjere greie for det planlagde vernetiltaket og dei areala tiltaket omfattar. Kunngjeringa skal vere godt nok utarbeidd til at partar får ein reell moglegheit til å ta vare på sine interesser og medverke i den vidare prosessen. Føremålet med verneforslaget skal tydeleg gå fram av kunngjeringa.

Dersom det vert aktuelt å avbryte arbeidet etter melding er sendt ut, skal fylkesmannen avklare saken med Direktoratet for naturforvaltning før partane vert orientert.

Med bakgrunn i opplysningar om verneverdiar, merknadar som kan vere kome inn og diskusjonar med dei råka partane, utformar fylkesmannen eit verneforslag med konkrete grenser og forslag til verneforskrift. Dersom det skulle vise seg at forslaget avvik vesentleg frå det som gjekk fram av kunngjeringa tidlegare i prosessen skal utkastet til verneforslag drøftast med kommune/fylkeskommune og eventuelle referansegrupper.

Dersom det oppstår interessekonflikt skal fylkesmannen prøve å få desse løyst i minnelegheit. Avklaring av konflikhtar skal skje så tidleg som mogeleg og på eit lågast mogeleg nivå. Det bør alltid haldast synfaring i felt der det er konflikt om arealbruk.

Før forslaget vert sendt ut på lokal høyring skal det sendast til Direktoratet for naturforvaltning for fagleg gjennomgong. Forslaget frå fylkesmannen skal vere offentleg og det skal sendast kopi av dette til kommunar og fylkeskommunar som forslaget omfattar. Direktoratet går gjennom både det naturfaglege grunnlaget for verneforslaget samt juridiske forhold knytt til plandokumentet.

Fylkesmannen bør halde særskilte møter med dei kommunane og fylkeskommune som vert omfatta før verneforslaget vert sendt på høyring. Dette gjeld særleg dersom der er aktuelt med ei anna verneform, avgrensing eller restriksjonsnivå enn det som tidlegare var føresett. Det kan og vere at Direktoratet ynskjer å vike frå forslaget til fylkesmannen på andre vesentlege punkt.

Etter at eit verneforslag er gjennomgått av Direktoratet for naturforvaltning, skal det leggjast ut til offentleg ettersyn. Forslaget skal liggje hjå fylkesmannen og i dei kommunane som forslaget omfattar. Det må avtalast med den enkelte kommune kor og korleis dokumenta skal gjerast tilgjengelege.

Informasjon om at eit verneforslag er lagt ut til offentleg ettersyn skal kunngjerast gjennom Norsk Lysningsblad, og i minst to aviser som er vanleg å lese på staden. Kunngjeringa skal gjere greie for området verneforslaget omfattar og opplyse om kor interesserte kan få tilgong til dokumenta.

Når det ligg føre eit verneforslag skal dette særskilt meddelast grunneigarar og andre råka partar samt dei med interesser i området, skriftleg per brev. Det skal ikkje setjast ein høyringsfrist som er kortare enn to månadar.

Etter at høyringsfristen er gått ut skal fylkesmannen på bakgrunn av merknadar og opplysningar som har kome inn, vurdere om det er naudsynt å endre eller justere på verneforslaget. Dersom endringane vert store og vil føre med seg vesentlege utvidingar av vernetiltaket må det vurderast om det trengs ny høyring, desse vurderingane vert gjort av fylkesmannen i samråd med Direktoratet for naturforvaltning.

Det endelege verneforslaget frå fylkesmannen skal sendast til Direktoratet for naturforvaltning saman med dei originale høyringsuttalingane og eit samandrag av uttalingane. Forslaget skal blant anna innehalde ei fullstendig oversikt over omfatta gards- og bruksnummer.

Det endelege forslaget skal samtidig sendast til kommunar, fylkeskommunar og andre offentlege styresmakter som kan ha særleg interesse i tiltaket, samt omfatta nærings-, naturvern- og friluftsansjasjonar, til orientering. Desse har moglegheit til å kommentere forslaget. Kommentaranne vert sendt direkte til Direktoratet for naturforvaltning.

Direktoratet for naturforvaltning utarbeidar eit høyringsforslag med bakgrunn i råd frå fylkesmannen og arrangerar høyring av sentrale offentlege etatar og sentrale organisasjonar. Fylkesmannen, kommune og fylkeskommune skal orienterast når saken vert sendt på sentral høyring.

Dersom Direktoratet for naturforvaltning ikkje finn grunnlag for å gå vidare med eit verneforslag til sentral høyring, skal Direktoratet orientere fylkesmannen. Ei slik avgjersle skal gjerast i samråd med Miljøverndepartementet. Fylkesmannen skal deretter orientere partane i saken om Direktoratet si avgjer.

Når store verneområde skal opprettast bør Direktoratet for naturforvaltning, etter sentral høyring, informere kommunar og fylkeskommunar samt høyringsinstansar som har kome med innspel under den sentrale høyringa, og eventuelt andre partar, om at det er kome merknadar og korleis Direktoratet har vurdert desse.

Etter at den sentrale høyringa er gjennomført skal Direktoratet for naturforvaltning lage eit utkast til endeleg forslag til vernevedtak med utkast til verneforskrift og kart. Direktoratet skal så langt som råd avklare forholdet til andre samfunnsinteresser som vert omfatta av forslaget til vernevedtak. Saken skal deretter sendast til Miljøverndepartementet saman med alle originale høyringsuttalingane samt eit samandrag av uttalingane. Miljøverndepartementet føretek naudsynte avklaringar med andre departement.

Det forslaget Direktoratet for naturforvaltning legg fram til vernevedtak er den endelege faglege tilrådinga til Miljøverndepartementet. Dersom det kjem fram nye moment etter oversendinga skal dette sendast til Miljøverndepartementet sjølv om saken er avslutta. Dette skal gjerast heilt fram til endeleg vedtak er fatta.

Dersom verneforslaget vert vesentleg endra frå framdriftsplanen skal alle omfatta partar orienterast om dette.

Endeleg vedtak om vern etter naturmangfaldlova vert vedteke av Kongen i statsråd.

2.2.2 Saksgang ved friviljug vern

Det er gjort mogeleg for grunneigarar å tilby areal for vern, denne ordninga er til for å styrke miljøvernet i Noreg. Dei grunneigarar som ynskjer å tilby areal til verneføremål kan gjere dette ved å sende inn eit tilbod til fylkesmannen med kopi til Direktoratet for naturforvaltning. Dette tilbødet skal innehalde kartfesting av området, om mogeleg, dokumentasjon av verneverdiar, informasjon om involverte grunneigarar, takstar for området og eventuelle vilkår for tilbødet.

Forslag og tilbød som kjem inn til fylkesmannen vert vurdert av fylkesmannen som deretter gjev tilbakemelding til Direktoratet for naturforvaltning og grunneigarar om det er aktuelt å gå vidare med tilbødet. På dette stadiet vil det, dersom det er naudsynt gjerast synfaring og haldast møter. Dersom det vert avgjort at eit område skal vurderast nærare vil det verte gjort naturfaglege og skogfaglege registreringar. Desse registreringane dannar grunnlag for avgjerla hjå fylkesmannen i høve til om det er interessant å halde fram med det aktuelle området. Med bakgrunn i registreringane kan fylkesmannen i samråd med Direktoratet for naturforvaltning óg velje å avslå tilbødet om friviljug vern. Denne delen av arbeidet vert avslutta med ei avklaring av kva områder som er interessant å gå vidare med i forhold til vern etter naturmangfaldlova.

Etter at fylkesmannen har fått avklaring i kva områder som skal vurderast nærare, startar forhandlingar med grunneigarar i forhold til vilkåra for å få i stand avtale om friviljug vern. Forhandlingane byggjer på forslag til avgrensing og forslag til verneforskrift som er utarbeidd av fylkesmannen. Forhandlingane byggjer også på dei naturfaglege og skogfaglege registreringane som er gjort. Dersom partane kjem til semje kring storleiken på vederlaget og dei andre vilkåra, vert det inngått avtale om friviljug vern. Denne avtalen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

På det tidspunkt ein avtale om friviljug vern er inngått, kan oppstarten av verneprosessen gå i gang. Sjølv om friviljug vern er basert på at grunneigar tek initiativet skal reglane om saks- handsaming følgjast med omsyn til at alle partar skal verte høyrd i saken.

Gjennom denne prosessen dekkjar staten grunneigar sine naudsynte kostnadar til juridisk og teknisk hjelp som tilsvarar det som er vanleg i samband med erstatningssaker ved ordinære vernesaker.

Det skal heldast felles høyring lokalt og sentralt. Fylkesmannen oppsummerar høyringane og sender tilråding til Direktoratet for naturforvaltning. Direktoratet for naturforvaltning går gjennom saken og sender si tilråding til Miljøverndepartementet. Miljøverndepartementet legg fram forslaget for dei andre departementa og fremja deretter området for vernevedtak ved kongeleg resolusjon.

Ved underteikning av avtalen om vederlag og vilkår tek grunneigar og staten atterhald om at avtalen må forhandlast på nytt dersom høyringane fører til at staten ynskjer å endre grensene og/eller verneforskrifta som kan påverke vederlaget.

Vederlag ved vern gjeld for både ordinært vern og friviljug vern, reglane for dette finn vi i naturmangfaldlova § 50. Her går det fram at eigar eller eigar av rettar innanfor verneområdet har krav på vederlag dersom det kan visast til økonomisk tap når vernet gjer noverande bruk vanskeleg. Bruken må vere i gang på tidspunktet for vern. Dette vil seie at den bruk som er i området må vere av økonomisk karakter for grunneigar, eller grunneigar må kunne påvise at det er pårekeleg for avkastning i området. Dersom det gjennom gjeldande reguleringsplan er lagt til rette for utbygging i området og denne reguleringsplanen var vedteke før vernevedtaket er gjort kjend, vil det som er pårekeleg utnytting av område kunne gjevast vederlag for. Eg vil ikkje gå vidare inn på krav, vilkår og lovheimel for vederlag i samband med vern, då dette ikkje har relevans til oppgåva.

2.3 Om jordskifteretten

I Noreg omfattar den dømande makt dei allminnelege domstolane og særdomstolar. Jordskifteretten er ein særdomstol i medhald av *Lov av 13.08.1915 om domstolane (domstollova)* § 2. Dette inneber at jordskifteretten sin kompetanse, på lik linje med andre særdomstolar, skal vere positivt avgrensa i lov. I dette ligg det at dei må ha positiv heimel i lov for å kunne realitetshandsame dei krav som kjem inn. Dei alminnelege domstolane har kompetansen sin negativt avgrensa, noko som vil seie at dei kan handsama alt med unntak av det som positivt går fram av ulike lover at dei ikkje kan handsame. Jordskifteretten sin kompetanse finn vi hovudsakleg i jordskiftelova, men også i andre særlover. Eg vil halde fokus innanfor jordskiftelova sine rammer. Jordskifteretten si hovudoppgåve har tradisjonelt vore å endre eigedomsstrukturen til det betre, her med fokus på å gjere eigedomane lettare å nytte ut. Dette finn vi i stor grad igjen i gjeldande jordskiftelov § 1, der eigedomar har vorte

utenelege «etter tida og tilhøva». Jordskifteretten ligg til den dømmende makt og skal på same måte som dei alminnelege domstolane vere uavhengig frå dei andre statsmaktene.

Jordskifteretten sine arbeidsoppgåver kan delast inn i rettsendrande saker, rettsfastsetjande saker, kombinerte saker og skjønn. Dei rettsendrande sakene er det vi tradisjonelt kalla jordskiftesaker eller saker etter § 2 i jordskiftelova. Dette er saker der jordskifteretten skapar meir tenelege eigedomstilhøve i samsvar med §§ 1 og 3 bokstav a i jordskiftelova. Her endrar jordskifteretten den rettslege situasjonen slik den er i dag. Dei rettsfastsetjande sakene er saker der jordskifteretten avgjer kva som er gjeldande rett. Dei kombinerte sakene er saker der jordskifteretten handsamar skjønn i samband med ei jordskiftesak. I skjønssaker nyttar jordskifteretten skjønn for til dømes å avgjere storleiken på vederlaget ein grunneigar har krav på i samband med oreigning.

2.3.1 Forholdet mellom jordskifteretten og forvaltninga

Jordskifteretten si stilling i samfunnet har tidlegare vore diskutert, det har vore stilt spørsmål om jordskifteretten skulle vere eit forvaltningsorgan eller ein domstol. Dette spørsmålet er drøfta i NOU 2002:09, *Jordskifterettens stilling og funksjon*.

Det vart gjennom NOU 2002:09 gjort ei tilråding om at jordskifteretten skulle vere ein særdomstol. Dette vart teke til følgje og jordskifteretten vart organisert under domstolsadministrasjonen i 2006. Løkenutvalet vart etablert med bakgrunn i ein del kritikkverdige tilhøve i samband med jordskifteretten sine arbeidsoppgåver. Det var på eit tidspunkt tilhøve som kunne tilseie at jordskifteretten var eit organ forvaltninga nytta for å gjennomføre tiltak. NOU 2002:09 førte med dette til ei endring i enkelte paragrafer i jordskiftelova for å distansere seg frå forvaltninga.

I Noreg har alle rett på å få verna om sine rettar gjennom prøving av ein uavhengig og upartisk domstol, jf EMK art. 6 nr. 1. Domstolane skal stå uavhengig frå dei andre statsmaktene. Dette har sitt opphav i maktfordelingsprinsippet. Vi skil mellom den dømmende, den lovgjevande og den utøvande makta. Statsmaktene skal stå skilt frå kvarandre slik at ingen kan styre over nokon andre. Tanken bak dette var at makt skulle kontrollere makt. Saker som vert kravd for domstolane skal handsamast etter gjeldande rett, medan forvaltninga skal gjennomføre lover og reglar gjeve av den lovgjevande makt.

Sidan jordskifteretten ligg til den dømmende makt skal den handle etter same prinsipp som dei alminnelege domstolar. Dette vil blant anna seie at jordskifteretten ikkje kan gå ut over det partane krev. Det vil seie at partane bind jordskifteretten sin kompetanse gjennom sine disposisjonar jf. disposisjonsprinsippet. Det skal seiast at jordskiftelova vik frå disposisjonsprinsippet i nokre høve⁶.

Jordskifteretten har ikkje meir kompetanse til å endre rettsstilstanden enn kva partar sjølv har ved semje. Dette gjeld også i forvaltningssaker. Jordskifteretten er bunden av godkjend vedteke reguleringsplanar og må ta desse til følgje i sitt arbeid. Vidare går det fram av jordskiftelova § 20 a at jordskifteretten ikkje har kompetanse til å avgjere noko utan av forvaltninga har fatta vedtak som avgjersla kan grunne i. Jordskifteretten vil i mange høve hjelpe partar med å skaffe til vege godkjenningar i form av hjelp i søknadsprosessen. Til dømes må grunneigarar som ynskjer å dele opp eit personleg sameige, søkje delingsløyve etter plan- og bygningslova. Jordskifteretten må avvente til eit slikt løyve ligg føre før dei kan ta stilling til spørsmålet. Vi seier at jordskifteretten sin kompetanse ligg til det privatrettslege, avgjersler kan omfatte partane og ingen andre, her også forvaltninga.

Jordskifteretten er den instansen vernestyresmaktene nyttar seg av når det kjem til merking og oppmåling av vernegrenser. Dette har vernestyresmaktene positiv heimel til å krevje, jf. jordskiftelova § 88 første og andre ledd. Dette er forvaltningsvedtak gjort av Kongen i statsråd, og som jordskifteretten ikkje har kompetanse til å endre. Gjennom ein slik prosess møter ein ofte problem i høve til at terrenghøva og kartet ikkje samsvarar i tilstrekkeleg grad. Desse problema er det ikkje alltid ein får kartlagt før ingeniøren er fysisk ute i felt for å måle og merke grensene. Han vil tidvis møte på grenser som openlyst er feil. Dette vil då måtte avklarast med fylkesmannen som igjen kanskje må drøfte dette med Direktoratet for naturforvaltning. Når dette er avklart får jordskifteretten tilbakemelding på korleis grensene skal vere og må halde seg til dette. Jordskifteretten si dømmende verksemd er avgrensa til å gjelde avklaring av eigedomsgrenser der desse er samanfallande med vernegrenser. Det kan potensielt oppstå tvist kring eigedomsgrensa og jordskifteretten vil følgjande avseie dom

⁶ Dette vere seg gjennom kravskompetanse i § 5 som gjev det offentlege høve til å krevje jordskiftesak utan å vere grunneigar eller innehavar av rettar. Gjennom § 12 kan krav om offentleg jordskifte ikkje trekkjast attende etter vedtak om å fremje saka er ført inn i rettsboka. Jordskifteretten kan også av eige tiltak utvide jordskiftet dersom det er naudsynt for å få til eit teneleg jordskifte. Jf §§ 16 første ledd tredje punktum og 25 siste ledd.

dersom det er naudsynt. Dersom det ikkje er tvist vil jordskifteretten halde seg til rettsfastsetjande vedtak kring eigedomsgrensa.

2.4 Lovgrunnlaget

Gjennom jordskiftelova har jordskifteretten ei rekkje verkemiddel dei kan ta i bruk for å handsame og løyse krav som kjem inn. Eg vil her ta for meg dei delane av jordskiftelova eg ser som sentrale for denne undersøkinga.

2.4.1 Jordskiftelova § 17

Jordskifteretten er ein særdomstol som arbeidar mykje med planlegging av korleis areal skal forvaltast på best mogeleg måte for partar og samfunnet. For å utføre dette arbeidet på ein tilfredstillande måte er jordskifteretten gjort kompetent til å avseie dom i tvistar som oppstår undervegs i prosessen. (Austenå & Øvstedal 2000⁷)

Departementet uttalar⁸ at dei alminnelege føresegnene om grensegang skal gjelde også for sakstypen grensegang for offentleg regulering av eigarrådvelde. Dette gjer til at jordskifteretten har mogelegheit til å avseie dom i underliggjande rettshøve også i saker som omhandlar vernegrenser. I høve der eigedomsgrense og vernegrense er meint å vere samanfallen og det skulle oppstå tvist, vil jordskifteretten kunne avgjere ved dom kvar eigedomsgrensa går.

Det første vi møter i jordskiftelova § 17 er ei oppramsing over potensielle typar tvistar som kan oppstå mellom partar innanfor skiftefeltet. Denne oppramsinga er ikkje uttømmende, då den berre gjev dømer på kva typar tilhøve som kan oppstå mellom partar og partshavarar eller utanforståande. Ein tvist kan omfatte det rettslege like mykje som dei faktiske føresetnadane for å fremje eit jordskifte. Etter fremjing av jordskifte kan det oppstå tvist mellom parts-havarane, mellom dei og personar med bruksrettar og mellom personar innanfor og utanfor skiftefeltet. I slike høve har jordskifteretten rett og plikt til å avgjere tvistar så lenge det er naudsynt av omsyn til jordskiftet.

⁷ Austenå & Øvstedal (2000) side 119

⁸ Ot.prp.nr. 76 (2000-2001). Side 21

Jordskifteretten kan avseie dom i underliggjande rettshøve der dette er naudsynt med omsyn til saka. Kompetansen til jordskifteretten vil liggje til om det er tvist kring grenser, eigedomsrett, bruksrett eller andre tilhøve innanfor skiftefeltet eller med utanforståande. Denne kompetansen er avgrensa til å gjelde i grensegangsaker etter § 88, rettsutgreiing etter § 88 a og skjønn etter § 6 første til tredje ledd jf. jordskiftelova § 17 tredje ledd, jf. § 17 andre ledd. Desse tre sakstypene er presisert fordi den opphavlege lovteksten frå 1979-lova⁹ høvde dårleg i samband med desse. Årsaka til lovteksten høvde dårleg var for det første at det ikkje var naturleg å kalle dette for jordskiftesaker. For det andre var det aldri naudsynt for jordskifteretten i slike saker å avseie dom i «underliggjande rettshøve». Slike spørsmål ville jordskifteretten kunne ta stilling til prejudisielt¹⁰

For at jordskifteretten skal ha kompetanse til å avseie dom i underliggjande rettshøve er det eit vilkår at minst ein av partane må krevje at jordskifteretten tek stilling til det, jf. jordskiftelova § 17 siste punktum.

Når jordskifteretten i form av ein domstol avgjer ein rettstvist, kan avgjera berre gå ut på konkret å slå fast kva som er rett i den aktuelle tvisten. Retten tek si avgjerd på grunnlag av bevisvurdering og bruk av relevante rettsreglar. Jordskifteretten skal her som nemnd finne fram til kva som er rett og ikkje i særleg grad til kva som er teneleg eller rimeleg. (Austenå & Øvstedal 2000¹¹)

På dette området ligg det meir kompetanse til jordskifteretten enn til dei alminnelege domstolar, det er nemleg berre jordskifteretten som har kompetanse til å avseie dom i underliggjande rettshøve. Dei alminnelege domstolane tek prejudisielt stilling til slike spørsmål. Kompetansen til jordskifteretten på dette temaet er godt etablert gjennom rettspraksis. Eg vil dra fram tre rettsavgjersler frå Høgsterett. Den første er Rt. 1959 s. 1059 der seier fleirtalet i Høgsterett på side 1061 i siste avsnitt at *«det er på det rene at grensegangsformen kan brukes for å få fastlagt grenser som er omstridt. Jordskiftelovens myndighet i henhold til jordskiftelovens § 100 må derfor etter min oppfatning omfatte*

⁹ LOV 1979-12-21 nr 77: Lov om jordskifte o.a. (jordskifteloven). Gjeldande frå 1996-12-01 (historisk versjon på lovdata)

¹⁰ Austenå & Øvstedal (2000) Side 120

¹¹ Austenå & Øvstedal (2000) Side 125

myndighet til å avgjøre tvister som hindrer gjennomføringen av en slik oppgave og så langt som det for gjennomføringen er nødvendig». Den neste avgjersla eg vil trekke fram er Rt. 2000 s. 1703 «Tredjemannsdommen». Her går det fram at jordskifteretten skal ved tvist om eigedomsrett i ei grensegangsak avgjere tvisten om eigedomsrett som underliggjande rettshøve i særskilt dom, i dei høva dette vert kravd av ein part. Avgjersla vil vere ein rettskraftig fastsetjingsdom. Kompetanse vert sett å gjelde sjølv om i dei tilhøva der det er tvisten i det underliggjande rettshøve, og ikkje eigedomsgrensa, som er det vesentlege i saka. Den siste rettsavgjersla eg ynskjer å trekkje fram her er Rt. 2002 s. 310 «avtaledommen». I denne domen presiserar Høgsterett sitt ankeutval at for å kunne få dom for eit underliggjande rettshøve må den opphavlege grensegangsak vere reell og dom i det underliggjande rettshøve må vere naudsynt med omsyn til å kunne klarleggje kvar grensa faktisk skal gå.

Med denne kompetansen vel etablert kan jordskifteretten i dei høva det er naudsynt avgjere ein tvist kring til dømes eigedomsrett i same sak som dei held grensegang.

2.4.2 Jordskiftelova § 17 a

I dei høva jordskifteretten skal fatte avgjersle kring grenser, rettar eller plikter for ein eller fleire partar skal det nyttast vedtak dersom det ikkje skal avseiast dom. Denne forma for vedtak kom inn i jordskiftelova gjennom lovendringa i desember 1998¹². Vi kan seie at jordskifteretten skal nytte vedtak i dei høva det er tale om å ta avgjerd som har direkte innverknad på materielle rettar og plikter for partane.

Paragrafen sitt første ledd fortel oss kva tid vedtak skal nyttast. Jordskifteretten skal nytte vedtak i dei høva det vert teke avgjerd om verdsetting og bonitering, flytting/regulering av grenser, fastsetjing- og regulering av bruksrettar. Det skal også nyttast vedtak i dei høva jordskifteretten skal fastsetje kva som er gjeldande rett mellom partar der partane er usikre og det ikkje er lagt ned klare påstandar.

Andre til femte ledd omhandlar sakshandsamingsreglar for vedtak. Føremålet med desse reglane var å lovfeste det kontradiktoriske prinsipp for handsaminga av vedtak. Dette kjem til

¹² Revisjon av lov 21. desember 1979 nr 77 om jordskifte o.a. og endringar i einskilde andre lover Ot.prp.nr.57 (1997-1998)

syne i andre ledd. Her går det fram at partane skal få uttale seg om det einskilde vedtak dei vert omfatta av. Vidare skal partane få moglegheit til å kommentere dei andre partane sine merknadar.

Det kan gjerast vedtak om forenkla sakshandsaming dersom alle partane og jordskifteretten er samde om det etter andre ledd femte punktum. Jordskifteretten må før dei samtykkjar til forenkla handsaming gjere seg viss med at det er forsvarleg i den aktuelle saka.

Tredje ledd inneheld reglar for sakshandsaminga for rettsfastsetjande vedtak og fremjingsvedtak. Med rettsfastsetjande vedtak er det meint vedtak der jordskifteretten fastset kva som er gjeldande rett mellom partane på same måte som i ein dom, men utan at det ligg føre tvist med klare påstandar frå minst ein av partane. Det som skil denne regelen frå andre ledd er at det ikkje er krav at jordskifteretten skal leggje fram eit framlegg som partane skal få uttale seg om. I slike høve skal partane få uttale seg om det saka gjeld og det motparten legg fram (Austenå & Øvstedal 2000¹³)

Fjerde ledd seier at i dei høva partane er samde og det ikkje ligg føre tvil skal jordskifteretten fatte vedtak utan vidare grunngjeving enn at partane er samde om spørsmålet. Sidan det her ikkje vert kravd noko særskilt grunngjeving for vedtaket er det heilt naudsynt for jordskifteretten å få full klårleik i om det er semje og kva det er semje kring. I dei høva der spørsmålet i utgangspunktet ikkje var full semje kring, men som jordskifteretten har bidrege til semje skal ikkje vedtaket grunngjevast med semje. Her skal jordskifteretten ta med kva vurderingar som vart gjort og kva vedtaket byggje på. Dette av omsyn til partane sin rettstryggleik (Austenå & Øvstedal 2000¹⁴).

Reglar kring kva eit vedtak skal innehalde går fram av jordskiftelova § 17 b, dette vil eg ikkje gå vidare inn på.

Jordskifteretten nyttar rettsfastsetjande vedtak i dei høva dei skal fastsetje ei grense. Dette gjeld då også i grensegangsaker for regulering av eigarrådvelde. Eit av dei viktigaste argumenta til departementet for at jordskifteretten skulle ta denne sakstypen til handsaming

¹³ Austenå & Øvstedal (2000) Side 137

¹⁴ Austenå & Øvstedal (2000) Side 137-138

var nettopp den moglegheita jordskifteretten har til å fastsetje både vernegrense og eigedomsgrense ved rettskraft i ei og same sak. Det går fram av Ot.prp. nr. 76 (2000-2001) at departementet såg for seg at ved grenser som endå ikkje var fysisk etablert ville rettsfastsetjande vedtak etter jordskiftelova § 17 a vert ein slags hovudregel.

2.4.3 Jordskiftelova § 74

Heimelen for jordskifteretten til å krevje inn sideutgifter finn vi i jordskiftelova § 74 andre ledd, siste punktum, og vart innført i 1999¹⁵. Sideutgifter er utgifter jordskifteretten har knytt til arbeid som til dømes registreringsarbeid, måling av grenser, grensemerking, grensemerking og kartarbeid. Dette er utgifter knytt til det arbeidet jordskifteretten finn naudsynt å gjere i høve til å skaffe seg grunnlagsmateriale for avgjerslene sine.

Det vart gjennom førearbeida¹⁶ vist til at jordskifteretten er ein særdomstol som gjer at dei alminnelege domstolsprinsippa gjeld også for dei. Det vert sagt at tida for handsaminga av saker må ligge innanfor aksepterte normer, og ein føresetnad for dette er at jordskifteretten har tilstrekkeleg med ressursar.

Det vert vidare vist til ordninga med sideutgifter i *lov av 17.12.1982 om rettsgebyr (rettsgebyrloven)* §§ 2 og 3. Ordninga går ut på å få dekka inn naudsynte utgifter det offentlege vert påført i følgje av utføring av rettargong. Departementet meinte dette prinsippet kunne overførast til utbyggings- og vernejordskifte. Rekvirenten, her i hovudsak det offentleg, utløyse ein situasjon som kan føre til ein ekstraordinær situasjon hjå jordskifteretten. Det må som følgje av dette engasjerast ekstrahjelp for å utføre naudsynte undersøkingar, registreringar mv. for jordskifteretten.

Departementet såg for seg på tidspunktet for innføringa av lovheimelen, at ved å nytte seg av sideutgifter til ekstrahjelp ville spare staten sine kostnadar i høve til jordskifteretten med om lag 2.5 millionar kroner årleg¹⁷.

¹⁵ Lov 21 desember 1979 nr 77 om jordskifte o.a. (jordskifteloven) m.m. Ot.prp.nr.5 (1998-1999) (endringslov)

¹⁶ Ot.prp.nr.5 (1998-1999). Om lov om endringer i lov 21 desember 1979 nr 77 om jordskifte o.a. (jordskifteloven) m.m. side 5.

¹⁷ Ot.prp.nr.5 (1998-1999). Om lov om endringer i lov 21 desember 1979 nr 77 om jordskifte o.a. (jordskifteloven) m.m. side 8.

Heimelen for jordskifteretten til å krevje inn sidemidlar i samband med handsaming av grensegang for offentleg regulering av eigarrådvelde vart teke inn i jordskiftelova i 2001¹⁸. Det vert her vist til at arbeidet med desse sakene vil i hovudsak dreie seg om ingeniørarbeid som vil krevje vesentlege tekniske ressursar. I og med at arbeidsmengda vil variere frå år til år meiner departementet at det ikkje er grunnlag for å opprette faste stillingar basert på dette arbeidet. Departementet meiner ein bør engasjere teknisk personell på midlertidig basis for å dekkje ressursbehovet.

2.4.4 Jordskiftelova § 88

Jordskiftelova § 88 heimlar jordskifteretten sin kompetanse til å klarleggje eigedomsgrenser, grenser for alltidvarande bruksrett og grenser for offentleg regulering av eigarrådvelde.

I slike saker er kompetansen mellom jordskifteretten og dei alminnelege domstolar på lang veg lik, men det ligg føre mindre skilnader. Det mest sentrale skilje for å krevje grensegangs sak for jordskifteretten er at det ikkje er krav om tvist kring grensa. Det er tilstrekkeleg at det ligg føre ei uklår grense. For å fremje saka for dei alminnelege domstolane må det vere tvist kring grensa.

Det sentrale med ein grensegang etter første ledd er å klarleggje og fastsetje eksisterande grenser. For at jordskifteretten skal kunne gjere dette må dei først avklare rettstilhøva som vedkjem grensa, for deretter å fastsetje kvar grensa fysisk går i marka. Dersom det er tvist kring kvar grensa skal gå, skal denne tvisten avgjerast i samsvar med jordskiftelova § 17. Det er i samband med ei grensegangs sak ikkje høve for partar å ta opp spørsmål kring rettstilhøve som ikkje har samband med det aktuelle grensespørsmålet, jf. RG 1956 s. 109.

I RG 1956 s. 109 var spørsmålet kvar eigedomsgrensene gjekk mellom staten sin umatrikulerte grunn og dei matrikulerte privateigedomane i Stabbursdalen. Spørsmålet om fiskerett vart teke opp av grunneigarane undervegs i saka, og jordskifteretten tok stilling til dette. Lagmannsretten kom til at jordskifteretten ikkje hadde kompetanse til å avgjere fiskerett i samband med grensegangs sak, då det ikkje hadde tilknytning til tyngsla av saka.

¹⁸ Ot.prp.nr.76 (2000-2001). Om lov om endringar i lov 21. desember 1979 nr. 77 om jordskifte o.a. og i einskilde andre lover

For å kunne krevje grensegangsak for jordskifteretten må rekvirenten anten vere grunneigar eller innehavar av alltidvarande bruksrett jf. jordskiftelova § 88 første og andre ledd. Denne paragrafen gjev samstundes heimel til det offentlege for å kunne krevje grensegangsak i saker for offentlig regulering av eigarrådvelde.

Jordskiftelova § 88 seier at jordskifteretten ikkje berre skal klarleggje grensa, men kan også regulere grensa på den måten retten finn den mest teneleg i høve til eigedomane den soknar til. Jordskifteretten skal gjennom ei slik regulering av grensa ikkje gå lenger enn det som er naudsynt i høve til å skape ei teneleg grense. Saman med dette er det viktig å vere merksemd på at grensegang ikkje skal fremjast over store, samanhengande områder jf. jordskiftelova § 89 første ledd fjerde setning. Jordskifteretten kan i ei grensegangsak for offentlig regulering av eigarrådvelde ikkje regulere grensa slik retten finn den mest teneleg. Grensa er vedteke ved Kongeleg resolusjon og er eit vedtak fatta av forvaltninga, noko den dømmende makt ikkje har mogelegheit til å endre på. Dei alminnelege domstolane kan kontrollere om ei vedtak er gyldig eller ikkje¹⁹.

Vilkåret i § 89 kom gjennom lov av 8. juni 1984 nr. 69, og hadde to føremål. For det første ville ein unngå å halde grensegang i område der grensene burde endrast ved jordskiftesak. For det andre skulle dette gje jordskifteretten ein klår heimel til å sile ut krav om grensegang for store samanhengande område. Dette ville ta opp for mykje av jordskifteretten si tid og resursar, og jordskifteretten burde prioritere andre sakstypar. (Austenå & Øvstedal 2000²⁰)

Høgsterett tydeleggjorde vilkåra for å kunne krevje grensegang i Rt. 1959 s. 1059. I saka vart det prosedert på at eit vilkår for å kunne fremje sak om grensegang etter jordskiftelova av 1950 § 100 (som i hovudsak tilsvarar § 88 i dag) var at det var ei allereie eksisterande grense, og at føremålet med saken var å fastsetje denne grensa. Førstevoterande uttalte at han ikkje kunne finne at lova «*stiller som vilkår at den grense som skal klarlegges, tidligere skal ha vært fastlagt i marken ved oppmerking eller ved beskrivelse i dokument. Jeg kan ikke se at lovens tekst gir uttrykk for noen slik begrensning, og den er etter min oppfatning i strid med det som fremgår av forarbeidene*» jf. Rt. 1959 s. 1059 på s. 1061.

¹⁹ <http://www.jusstorget.no/article.asp?Key=3&FagKey=153> Skrive av [Cand. Jur. Bjørn A. Dæhlin](#), sett 21.03.2011

²⁰ Austenå & Øvstedal (2000) Side 398

Det vart vidare sagt at ein kunne nytte grensegangsak der grensa var omstridt. Jordskifteretten har kompetanse til å avgjere tvistar som er til hinder for gjennomføring av ei slik oppgåve, så langt det er naudsynt med omsyn til gjennomføringa av saka.

Eg vil i det vidare gå nærare inn på grensegangsak for offentleg regulering av eigarrådvelde. Eg vil her sjå på bakgrunnen for at jordskifteretten fekk positiv heimel til å halde grensegangsak for vernegrenser, og sjå litt på argumentasjonen frå lovgevar si side.

Det vart gjennom Ot.prp.nr. 76 (2000-2001) fremja forslag frå Landbruksdepartementet om at første ledd i § 88 skulle endrast slik at jordskifteretten fekk heimel til å halde grensegangsak for offentleg regulering av eigarrådvelde. Grunngevinga frå departementet var at jordskifteretten tidlegare ikkje hadde heimel til å halde slik grensegangsak. Materielt sett var grunngevinga at det var naudsynt med ein profesjonell aktør til å handsame av grenser som vart etablert i samband med innskrenking i råderetten. I utgangspunktet retta forslaget seg mot grenser som endå ikkje var fysisk etablert, men til dømes vedteke i kongeleg resolusjon, kor det var lagt ved kart og ei skildring av grensa. Dette ville føre til at arbeidet hjå jordskifteretten ville verte ei rein oppmålingsforretning. Trongen for å kunne klarleggje grensene vart vidare grunngeve med at grensene kunne frå den kongelege resolusjonen vere teikna inn på kart i målestokk 1:50 000, noko som kunne føre med seg eit feilavvik på opptil 50 meter. Departementet uttalte at dei finn slike feilkjelder uakseptable og ser derfor trongen til å få klarlagt, merka av samt få ei nøyaktig skildring av grensa for innskrenkinga av råderetten.

Departementet seier i forslaget at dei alminnelege føresegnene om grensegang skal gjelde, og føresegnene om jordskifteretten sin kompetanse til å avseie dom etter jordskiftelova § 17. Departementet såg for seg at rettsfastsetjande vedtak etter jordskiftelova § 17 a for grenser som endå ikkje er fysisk etablert skulle verte ein slags hovudregel. Departementet finn vidare grunn til å streke under at avgjerda frå jordskifteretten skal vere i samsvar med vedtaka for den enkelte råderettsinnskrenkinga, til dømes den kongelege resolusjonen.

3. Empiri

3.1 Det empiriske utvalet

Det empiriske utvalet omfattar i hovudsak intervju med jordskifterettar og fylkesmenn. Utvalet omfattar åtte jordskiftedomarar og ingeniørar som har handsama grensegang for offentleg regulering av eigarrådvelde, samt åtte fylkesmenn som har handsama vernesaker. Målet med dette var å få klarlagt korleis praksisen i handsaminga av ei grensegangs sak for vernegrensar er for den enkelte jordskifterett, samtidig som eg ville få fylkesmenna sitt syn på jordskifteretten og deira verksemd i samband med handsaminga av desse sakene.

3.2 Presentasjon av jordskifterettane

Eg vil no gjerer greie for den enkelte jordskifterett sin praksis i samband med handsaming av ei grensegangs sak for offentleg regulering av eigarrådvelde. Sidan denne sakstypen er relativt ny i jordskiftesamanheng, og det er skilnadar i kor mange saker ulike jordskifterettar handsamar rundt i landet vil ein enkelt kunne rekne med at det er skilnadar i korleis denne sakstypen vert handsama hjå dei ulike jordskifterettane. Praksisen eg vil kartleggje er korleis jordskifterettane går fram i slike saker og korleis det teknisk arbeidet vert gjort.

3.2.1 Helgeland jordskifterett

Helgeland jordskifterett finn vi lokalisert i Mosjøen. Denne jordskifteretten har sidan 2002 fått inn 44 krav om grensegang i samband med vernegrensar. Det er til saman fire tilsette, to domarar inkludert ein jordskifterettsleiar, ein ingeniør og ein sakshandsamar.

Etter at kravet om grensegangs sak er registrert kallar jordskifteretten partane inn til eit rettsmøte. På dette møtet informerar jordskifteretten partane om kva som vil skje i saka framover. Det har vist seg naudsynt for jordskifteretten å kome med informasjon kring ansvarstilhøva, dette fordi fleire partar trur det er jordskifteretten som skal halde erstatningsskjønnet. Dette rettsmøtet finn jordskifteretten særst viktig og naudsynt då det avlastar ingeniøren for ein del spørsmål når han er ute i felt og målar. Ved å leggje saksgangen opp på denne måten får jordskifteretten knytt spørsmål og førespurnadar kring saken til jordskiftedomaren, som igjen kan vise desse vidare til forvaltninga. Rettsmøtet gjev også moglegheit for å kaste lys over spørsmål og problemstillingar knytt til grensar, og andre

tilhøve som følgje av vernet. Jordskifteretten nyttar dette rettsmøtet også til å få avklart dei feil og avvik dei finn i kartgrunnlaget dei får tilsendt frå fylkesmannen.

Det er ikkje vanleg at fylkesmannen tek med tilgrensande eigedomar som partar i saka, dette gjer jordskifteretten i alle høve der eigedomsgrensa skal danne grunnlag for og vere samfallande med vernegrensa. Avklaringar i høve til problematikk som dette ser jordskifteretten naudsynt å få klarlagt så tidleg som mogeleg i prosessen. Det har førekomme tilhøve der praktiske forhold ikkje har vore avklart i eit tidleg rettsmøte, som til dømes landingstillating for helikopter. Slik sakshandsaming har tidlegare vore praktisert i saker med ein part, men jordskifteretten har teke med seg erfaringar frå desse sakene der slikt møte ikkje har vore gjennomført, og sett at det kan vere nyttig i alle høve.

Det vert gjort formell fremjing av saka der jordskifteretten viser til heimel. Ved å gjere det på denne måten viser jordskifteretten at forvaltninga ikkje får noko særskilt handsaming i og med at fremjingsspørsmålet vert vurdert i desse sakene også. Jordskifteretten gjer på slutten av saka ei kostnadsvurdering basert på nytte, og dette tilseier at forvaltninga, som har nytte av grensegangsaka skal bere kostnadane.

Desse sakene vert ikkje prioritert før andre saker, dersom det ligg føre ein tvistesak vil denne verte prioritert først. Grunnen til dette er blant anna at kontoret per i dag berre har ein ingeniør tilsett. Det er ikkje stor skilnad i sakshandsamingstida for ei grensegangsak for vernegrenser enn for ei anna sak ved jordskifteretten.

Reglane for sidemidlar tilseier at jordskifteretten ikkje skal nytte egne midlar og ressursar på desse saken, men jordskifteretten finn at dette strid i mot målereglementet som seier at jordskifteretten ikkje kan hente inn kven som helst og sende dei ut i skogen for å måle. Det er samstundes vanskeleg å tilsette nye ingeniørar då det ikkje er søkjarar på utlyste stillingar. Jordskifteretten finn det også sær vanskeleg og nesten umogeleg å få tak i kompetente folk, så jordskifteretten må nytte fast tilsette og egne resursar på desse sakene. Ved handsaming av nokre større saker har dei fått låne personell frå Salten jordskifterett og Hålogaland jordskifterett til feltarbeid, desse ingeniørane nytta i hovudsak avspaseringstimar til å arbeide med desse sakene.

Sidemidlar er heilt avgjerande for at jordskifteretten kan klare å handsame grensegang for vernegrenser. Sidemidlane har ikkje tilført kontoret utstyr, men gjer det mogeleg å lønne målehjelp. Dersom det ikkje hadde vore mogeleg å teke inn sidemidlar ville desse saken ført til at andre saker måtte vente.

Hadde ikkje jordskifteretten hatt denne sakstypen ville kontoret mogeleg vore «a jour» saksmessig. Sakstypen grensegang for offentleg regulering av eigarrådvelde vil i den grad dei får inn målehjelp ikkje påverke saksavviklinga i stor grad. Jordskifteretten ser positive konsekvensar av å handsame vernesaker då dette gjev høve til å nytte kapasiteten til dette i ledige stunder, det vil vere ein god praksis for nyttilsette kor dei får arbeide sjølvstendig. Det vert ikkje teke stilling til om dette er ei oppgåve for domstolane utover det lova heimlar. Vidare peikar jordskifteretten på at det er tydeleg skilnad i korleis partar vert handsame hjå forvaltninga og jordskifteretten. Jordskifteretten har gode rutinar på korleis ein skal handsame partar kan fungere som ei kvalitetstrygging i form av at interesser vert teke vare på. Kompetansen til ingeniørane har også ein positiv effekt i forhold til å utøve skjønn i felt.

Dersom det ligg føre tilhøve knytt til kart og grenseskildringa tek jordskifteretten dette opp med fylkesmannen omgåande. Dersom eit avvik vert oppdaga av ingeniøren ute i felten , vert oppmålinga gjennomført etter beste skjønn av ingeniøren og opplyst om i ettertid. Desse avvika har vorte godkjend av forvaltninga fram til dags dato. I dei høva dette vert oppdaga før markarbeidet tek til er det automatikk i at jordskifteretten samrår seg med forvaltninga først.

Jordskifteretten meiner dei har eit godt forhold til forvaltninga, det er ein god dialog dei i mellom. Jordskifteretten har ei haldning som tilseier at jordskifteretten ikkje skal meine noko om desse sakene, dei skal berre gjere det tekniske arbeidet. Fylkesmannen som part i ei vernesak vert handsama på same måte som ein kvar anna part/rekvirent

Det er ikkje noko automatikk ved jordskifteretten at dei avklarar eigedomsgrenser i same sak som vernegrensene. Der det er mogeleg å påvise eigedomsgrenser vert det gjort, dette er dei høva der grunneigarane har møtt opp på rettsmøte å vist til kvar grensene går, i andre høve har jordskifteretten lagt seg eit stykkje unna der ein meiner eigedomsgrensa ligg for å vere trygg på at eigedomsgrensene ikkje vert råka.

Ved det tekniske arbeidet merkar jordskifteretten knekkpunkt og det er gjort tettmerking på rette linjer der grensa trengs å visast kvar er. I utmark langt frå folk merkast berre knekkpunkt. Det er ikkje laga ein praksis for systematiske intervall for merking på lange vernegrenselinjer. jordskifteretten tenker praktisk på kvar folk kan møte denne grensa.

Dersom jordskifteretten finn at eit punkt ikkje let seg måle inn på grunn av terrengtilhøve og andre fysiske tilhøve målar dei heller ikkje inn punktet. Personleg tryggleik vert alltid sett først.

I enkelte tilhøve vil ein handsame vernegrense som kryssar eigedomsgrenser. Dette skjeringspunktet mellom vernegrensa og eigedomsgrensa vil i mange høve vere interessant for grunneigar i ha klarleik i, men dersom eigedomsgrensa ikkje er klar og grei å merke gjer ikkje jordskifteretten slik det er i dag mykje ekstraarbeid for å klarleggje eigedomsgrensa for å finne ut kvar skjeringspunktet skal stå.

Jordskifteretten har eigentleg varierende rom for avvik frå senterlinje i vernekartet, senterlinje er linja som går i midten av den tjukke vernegrensa. Tjukkleiken varierar frå målestokk til målestokk. Jordskifteretten har sett som praksis at så lenge dei held seg innanfor den tjukke streken treng dei ikkje varsle forvaltninga om avvika, men dersom tilhøva tilseier at dei må gå utanfor vil avviket kunne utgjere eit vesentleg areal og ser seg då nøydd til å varsle om dette saman med ei grunngjeving. Ingeniøren vil i dei aller fleste høve måle inn eit forslag til jordskiftekart dei sender ut til høyring.

Eg har fått tilsendt eit døme frå Helgeland jordskifterett. Dette døme er eit høyringsforslag for Elsfjord naturreservat. Det vert uttala frå jordskifterettsleiar Erlend Herring at Helgeland jordskifterett er tilbakehaldne med å ta med gards- og bruksnummer på grunn av at eigedomsgrense ikkje vert teke opp til handsaming. Vi ser av kartet av jordskifteretten i dette høve nokre stadar har føreslege at vernegrensa går andre stadar enn vernestyresmaktene meiner.



Figur 3 Høringsutkast Elsfjord naturreservat (døme frå Helgeland jordskiftrett)

3.2.2 Nedre Telemark jordskifterett

Nedre Telemark jordskifterett finn vi lokalisert i Skien. Denne jordskifteretten har sidan 2005 fått inn 51 krav om grensegang for offentleg regulering av eigarrådvelde. Det er til saman ni tilsette, tre sakshandsamarar, to domarar inkludert jordskifterettsleiar, tre ingeniørar og ein landskonsulent i skog.

Krav om grensegang for offentleg regulering av eigarrådvelde vert handsama på vanleg måte ved at jordskifteretten går gjennom partslista og dei opplysningane som elles er gjevne i kravet. Ved gjennomgangen av partslista ser jordskifteretten kven forvaltninga har meint skal vere partar, og jordskifteretten supplerar denne lista dersom dei finn at fleire skal gjerast til partar i saka. Etter at jordskifteretten har ei fullstendig partsliste vert partane varsla, samstundes med varselet vert det sendt ut materiell og dei dokumenta som er i saka. Det vert også sendt ut eit følgjebrev saman med varselet som informerar om kva tid jordskifteretten ser for seg at saka verte starta opp og kven som er førebuande domar i saka.

Det vert kalla inn til eit første rettsmøte, i dette rettsmøtet vert det gjennomgang av den vidare prosessen og fremjingsspørsmålet vert teke opp. Jordskifteretten har alltid halde eit slikt første rettsmøte i samband med denne typen saker før ingeniøren startar sitt arbeid. Dette møtet har også ein funksjon i høve til at partane får møte jordskifteretten, og moglegheit til å stille spørsmål dei eventuelt må ha i samband med arbeidet som skal gjerast. Jordskifteretten finn at ein arena for felles informasjon sparar dei for ein del tid ved at dei slepp mange spørsmål undervegs i saka.

Jordskifteretten har vanleg praksis på at dei målar og merkar eigedomsgrenser der desse er samanfallande med vernegrensene. Etter at feltarbeidet er ferdig vert kart sendt ut på høyring. Det er generelt lite merknadar i desse saken. Saka vert deretter avslutta av domar aleine.

Det tekniske arbeidet ved desse sakene vert handsama i dei tidsromma det er mogleg å få inn ekstrahjelp. På grunn av dette kjem nokre av desse saken i gong tidlegare enn andre saker. Det har vore gjort grep ved kontoret og fått inn personar dei kan nytte periodevis over fleire år.

Vernesaken vert ikkje sett på som tyngjande for kontoret. Det vert periodevis større press på det tekniske utstyret. Dette har vore løyst ved å låne eit målesett som går på rundgang i Agder

og det vert sett opp lister for utstyret i periodane med auka personell. Det tekniske utstyret er den største utfordringa for framgangen i sakene.

Jordskifteretten har gjort seg positive erfaringar med denne sakstypen. Det styrkar tilgangen på arbeid og får dermed moglegheit til å tilby arbeid til sommarhjelp, dette gjer til at fleire får innblikk i arbeidet ved jordskifteretten og dette kan i nokre høve til føre til betre rekruttering innan fagfeltet. Jordskifteretten ser også det som at denne sakstypen er best handsama av jordskifteretten.

Jordskifteretten legg kartet til grunn då dei ofte ser at førearbeidet som ligg til grunn for vernevedtaket ikkje alltid er like godt utført. Til dømes ser jordskifteretten i nokre høve at store delar av verneområdet ligg på eigedomar som ikkje ein gong er varsla om vernet. Det er mange saker som må setjast på vent fordi kart og vedtak ikkje harmonerer. Det er ynskjeleg frå jordskifteretten at dei kjem inn i saka på eit tidlegare tidspunkt, slik at jordskifteretten er ferdig med sitt arbeid då dette skal opp i kongeleg resolusjon.

Gjennom arbeidet jordskifteretten gjer i ei slik sak oppdagar dei fleire moment som forvaltninga ikkje var klar over, og då må desse avvika opp til ny handsaming hjå Direktoratet for naturforvaltning før jordskifteretten kan halde fram arbeidet sitt.

Jordskifteretten har eit godt forhold til forvaltninga, representantar hjå fylkesmannen har fått ei større forståing av kart, og har vorte betre i høve til å førebyggje og hindre konflikt i framtida. Forvaltninga vert handsama på lik linje med ein kvar part og rekvisitt, men det vert meir kontakt mellom jordskifteretten og forvaltninga då forvaltninga krev ein del saker.

Det vert teke inn sideutgifter ved jordskifteretten. Desse vert nytta til å lønne målehjelp og ein kontortilsett som hjelp til å organisere arkivet. Dei har forskuva personellet litt, han vert lønna for å utføre kontorarbeid ein ingeniør skulle gjort. Det vert også nytta litt sidemidlar på teknisk utstyr.

Jordskifteretten har endå ikkje møtt tvist ved vernesaker, dei er alle løyst i minnelegheit.

Knekkpunkt i vernegrensene vert merka, og i dei høva vernegrensa skjer eigedomsgrensa vert det sett ned eit merke i skjeringspunktet. Der rette grenselinjer overstig 400 meter prøvar

jordskifteretten å merke eit punkt mellom. Der dei møter til dømes knekkpunkt som ikkje let seg måle inn set dei ned retningsgjevande merker på begge sider av knekkpunktet, og knekkpunktet vert sett som umerka punkt. I dei høva det kart og terreng ikkje stemmer overeins vil jordskifteretten ta dette opp med fylkesmannen. Dette gjeld særskilt i dei høva merking må skje utanfor den tjukke vernegrenselinja. Dei jobbar for å halde seg innanfor ein meter frå senterlinja.

3.2.3 Nordfjord jordskifterett

Nordfjord jordskifterett finn vi lokalisert på Nordfjordeid. Denne jordskifteretten har sidan 2005 fått inn 15 krav om grensegang i samband med offentleg regulering av eigarrådvelde. Kontoret har til saman fem tilsette, ein sakshandsamar, to domarar inkludert jordskifterettsleiar og to ingeniørar.

Etter at kravet om grensegang for offentleg regulering av eigarrådvelde er registrert ved jordskifteretten vert det sendt ut informasjon til partane i saka der jordskifteretten gjer greie for korleis dei har tenkt å handsame denne saka. Det vert vidare halde eit informasjonsmøte med partane til stade der jordskifteretten informerar vidare og partane får mogelegheit til å stille spørsmål. Det vert alltid gjort synfaring med partane før ingeniøren går opp grensene. Dette vert gjort fordi det vidare arbeidet vert mykje enklare og ein slepp å måtte samråde seg med forvaltninga på eit seinare tidspunkt. I dei høva det skulle dukke opp tilhøva som ikkje vart oppdaga tidlegare vil jordskifteretten kontakte fylkesmannen. Etter dette går ingeniøren opp grensene og jordskifteretten sender ut kart på høyring.

Jordskifteretten har lagt seg til ein praksis der dei berre merkar det som går fram av den kongelege resolusjonen. Dei gjer ikkje arbeid utover kravet med omsyn til eigedomsgrense og liknande. Der eigedomsgrense og vernegrense er meint å vere samanfallande merkar jordskifteretten vernegrensa i samsvar med synfaringa, det vert ikkje stadfesta noko rettskraftig eigedomsgrense i same sak. Jordskifteretten tek ikkje standpunkt til partslista, dei legg resolusjonen til grunn.

Jordskifteretten har gjort det klar ovanfor forvaltninga at desse saken er arbeid ingeniørane gjer i ledige stunder. Dette gjer at sakshandsamingstida vert litt lenger enn andre saker. Dette gjer også til at ressurstilgongen på kontoret ikkje vert redusert.

Jordskifteretten ser både positive og negative tilhøve ved at denne sakstypen skal handsamast ved jordskifteretten. Dei positive tilhøva er at ingeniørane får meir teknisk arbeid som dei likar, det har vore ein reduksjon i denne typen teknisk arbeid. Dei negative tilhøva som vert nemnd er at dette ikkje er noko typisk sak for jordskifteretten. Det vert peika på at jordskifteretten ikkje har noko dømande rolle i og med at dei held seg til den kongelege resolusjonen, som igjen gjer til at desse sakene får eit litt kunstig preg. Nordfjord jordskifterett har ikkje gjort seg opp ei fast meining kring dette, men ser også at dersom jordskifteretten hadde fått ei større rolle i desse saken, som til dømes å halde skjønn ved utmåling av vederlag, hadde sakstypen passa betre inn hjå jordskifteretten.

Jordskifteretten legg kartet med koordinatlista til grunn for det tekniske arbeidet. I dei høva der jordskifteretten må gjere tekniske justeringar vert dette sendt til fylkesmannen etter at måle- og merkearbeidet er gjort for godkjenning.

Under sakshandsaminga vert fylkesmannen handsama som ein ordinær part, det einaste jordskifteretten peikar på er at dei tekniske justeringane vert forklart til fylkesmannen.

Jordskifteretten har fram til i dag ikkje teke inn sidemidlar då dei såg at dei vanlege gebyrsatsane har vore dekkjande i høve til kostnadane sakene har kravd. Etter at det dei siste åra har kome inn krav om nokre større saker vil jordskifteretten ta inn sidemidlar på desse.

Det vert stort sett berre merka i knekkpunkt, men etter ynskje frå partar kan jordskifteretten setje merke der det vil vere naudsynt for å vise kvar vernegrensa går. I forhold til lange rette grenselinjer er det terrenget som avgjer kvar det vert sett ned merker utanom i knekkpunkt. Skjeringspunkt mellom eigedomsgrense og vernegrense vert ikkje merka då eigedomsgrensa ikkje vert handsama under saka. Dersom dei møter eit punkt det ikkje let seg gjere å måle inn vil dei koordinatfeste punktet. Jordskifteretten prøvar etter beste evne å halde seg innanfor den tjukke vernegrensa på kartet, men dersom det vert avvik utover den vil dette måtte godkjennast av forvaltninga.

3.2.4 Nord-Troms jordskifterett

Nord-Troms jordskifterett finn vi lokalisert i Tromsø. Denne jordskifteretten har i perioden 2009 til 2011 avslutta 14 saker om grensegang i samband med offentleg regulering av eigarrådvelde. Det er til saman ni tilsette, tre domarar inkludert jordskifterettsleiar, tre ingeniørar, ein landskonsulent og to sakshandsamarar.

Før eit krav om grensegang for vernegrenser kjem inn til jordskifteretten vert det halde eit informasjonsmøte med forvaltninga der jordskifteretten fortel om korleis dei handsamar denne typen saker og dei diskuterar ein del prinsipp knytt til den aktuelle saken. Det vert også sett opp eit overslag over venta kostnadar i samband med saka frå jordskifteretten si side. Etter dette får jordskifteretten inn krav om grensegangsak for offentleg regulering av eigarrådvelde. Saman med kravet sender fylkesmannen også med den kongelege resolusjonen. Jordskifteretten ber ofte om å få tilsendt ei skriftleg skildring av knekkpunkta på grensa. Det vert i det vidare sett eit rettsmøte med partar og vernestyresmaktene. Jordskifteretten legg saman med innkallinga, eit skriv med informasjon kring eigedomsgrense og vernegrense. På dette møtet informerar jordskifteretten om vedtaket som er fatta av forvaltninga, jordskifteretten får også ein del informasjon kring kvar det er mogelege konfliktområde. Jordskifteretten får også informasjon om kvar det kan vere naudsynt med tettmerking og elles praktiske opplysningar som kan lette arbeidet med saka. Det vert ført ei forenkla rettsbok frå dette møtet. Etter rettsmøtet skal ingeniøren ut og måle og merke grensene. I samsvar med avtale har fylkesmannen plikta seg å stille ein person til å hjelpe til med merkearbeidet. Denne personen kjem vanlegvis anten frå kontoret til fylkesmannen, Fjelltenesta eller Statens naturoppsyn. Etter at merkinga er ferdig vert det laga føreslag til vedtak som vert sendt til fylkesmannen for korrekturlesing før det vert sendt ut på høyring. Når fristen er gått ut vert det gjort eit vedtak frå jordskifteretten.

Denne sakstypen vert arbeida med når ingeniørane har tid, den vert med andre ord ikkje prioritert framfor andre saker. Alt kjem an på kapasiteten ved kontoret.

Denne sakstypen kverrset ressurstilgongen til ei viss grad. Når arbeidet med merking først vert sett i gong har jordskifteretten fått med seg kommunar og andre jordskifterettar slik at det vert effektivt arbeid.

Jordskifteretten ser både positive og negative sider ved at jordskifteretten handsamar denne typen saker. Ingeniørane har stor glede av desse saken, har ein god effekt på arbeidsmiljøet på kontoret. Legg ein til grunn at jordskifteretten er ein domstol kunne denne typen saker vore handsama av andre institusjonar. Saman med dette er det klart at eit privat oppmålingsfirma ikkje har den same kompetansen innanfor eigedom og grenser.

Jordskifteretten legg kartet i den kongelege resolusjonen til grunn for det tekniske arbeidet. Dersom jordskifteretten oppdagar feil vil dei kontakte forvaltninga som då vil handsame dette og gje jordskifteretten tilbakemelding. Jordskifteretten ser på forholdet til forvaltninga som eit godt forhold, fylkesmannen vert handsama som ein kvar annan rekvirent, men sidan det er forvaltninga som kan endre grensene er det naturleg med dialog mellom jordskifteretten og forvaltninga.

Det vert teke inn sidemidlar som vert nytta til lønn til målehjelp, reiseutgifter, dersom det må tilsetjast nokon mellombels for å gjere ingeniøren sitt kontorarbeid vert denne personen lønna på sidemidlar.

I dei høva det er meint at eigedomsgrense og vernegrense skal vere samanfallande klarlegg jordskifteretten eigedomsgrensa i samem sak. Praksisen ved dette kontoret i forhold til det tekniske arbeidet skil seg frå dei andre då desse ikkje merkar knekkpunkt. Her vert det bestilt eit fotogrametrisk uttak av punkta. Dette vert bestilt frå Skog og landskap og kostar normalt 10 000 – 15 000 kroner. Det vert gjort på denne måten fordi det gjev dei fridom, saman med forvaltninga finn jordskifteretten ut kva punkt dei er tent med å merke. Dei punkta som ligg så langt frå sivilisasjonen at det ikkje er truleg at det skjer ferdsel der vert ikkje merka. Då nyttar dei den fotogrammetriske koordinaten og legg den inn i kartet, det er meir ynskjeleg at ressursane vert nytta på dei områda der det er teneleg å vise kvar grensa er. Utover dette er det ikkje noko særskilt praksis i forhold til tettmerking av intervall på lange strake grenselinjer, det vert merka der det er naudsynt med omsyn til ferdsel. Skjeringspunktet mellom vernegrense og eigedomsgrense vert ikkje merka då erfaring tilseier at matrikkelen ofte er feil, og at verneområda er så store at det vil krevje mykje meir av dei tilgjengelege ressursane. Dersom dei møter punkt som ikkje fysisk let seg måle inn nyttar dei seg av fotogrametrisk koordinatfesting av punktet i kartet. Dersom det skulle oppstå avvik i terrenget vil jordskifteretten ikkje gå utanfor den tjukke vernegrensa på kartet då dette må til ny handsaming hjå forvaltninga.

Jordskifteretten prøvar å motivere forvaltninga til ikkje å leggje vernegrense og eigedomsgrense samanfallande då matrikkelen er feil.

3.2.5 Nord-Trøndelag jordskifterett

Nord-Trøndelag jordskifterett finn vi lokalisert i Steinkjer. Denne jordskifteretten har i perioden 2009 til 2011 fått inn 22 krav om grensegang i samband med offentleg regulering av eigarrådvelde. Kontoret har sju tilsette, ein sakshandsamar, tre domarar inkludert jordskifterettsleiar og tre ingeniørar.

Praksis for korleis denne jordskifteretten ynskjer å handsame denne typen saker er under diskusjon på kontoret. Det er slik situasjonen er i dag ikkje heilt avklart. Tidlegare har det vore kalla inn til eit rettsmøte, dette kunne anten vere saksførebuande eller eit fremjingsmøte. Det har vorte gått opp grensa, og i dei høva der vernegrense og eigedomsgrense har vore samanfallande har begge vorte definert. Nokre domarar har fastsett begge, medan andre har fastsett berre vernegrensa. Etter at målearbeidet er gjort vert eit forslag til vedtak sendt ut på høyring.

Desse sakene vert handsama når det er ledig kapasitet, det er i dag berre ein av ingeniørane som driv oppmåling og merking for jordskifteretten. Det er lyst ut eit engasjement som skal lønast på sidemidlar. Det er nokre av sakene som er handsama, medan ein del liggje på vent, og har gjort det lenge.

Slik situasjonen er i dag har ikkje jordskifteretten kapasitet til å handsame denne typen saker då det krev for mykje av ingeniøren. Direktoratet for naturforvaltning har delfinansiert utstyr som skal hjelpe når det vert tilsett ein ny ingeniør.

Jordskifteretten er delt i sitt syn på kva dei meiner kring denne sakstypen i forhold til at det skal vere ei oppgåve for jordskifteretten. I dei saken der det berre dreiar om å merke ei vernegrense og partane ikkje vert involvert i særleg grad ser jordskifteretten ikkje dette som ei oppgåve for domstolen. I saker der ein samstundes får klarlagt og fastsett eigedomsgrenser ser dei dette som ei oppgåve som ligg jordskifteretten nærare.

Ved eit uklårt vernevedtak vil jordskifteretten prøve å tolke denne først, og dersom det ikkje førar fram, tek dei opp spørsmålet med forvaltninga.

Jordskifteretten handsamar forvaltninga som ein ordinær part i saka, det vert dialog i samband med å krevje inn sidemidlar og det hender at jordskifteretten får med seg ein representant frå fylkesmannen til den tekniske delen av arbeidet.

Sidemidlane skal verte nytta til ny ingeniør ved kontoret, det vert mogeleg nytta til kursing i samband med det tekniske utstyret og kontoret har vurdert mogelegheita av å kunne lease bil til sommarhjelper.

Jordskifteretten merkar i utgangspunktet berre knekkpunkt i vernegrensa, men det har vore gjort tettmerking der skogeigarar har sett fram ynskje om dette. Dette for at ein skal kunne kommunisere mellom punkta. Terrenghøva avgjer kor ofte ein set ned eit grensemerke, dette har dei ikkje noko fast praksis på. Vidare har dei ein hovudregel om å få merka skjeringspunkta mellom vernegrense og eigedomsgrense.

Dersom dei skulle kome til eit punkt som ikkje let seg måle inn vil dei nytte koordinat gjennom kartdata. Gjennom det tekniske arbeidet har jordskifteretten endå ikkje sett seg nøydd til å vike frå den tjukke vernegrensa på kartet, dei prøva å halde seg til senterlinja, dei ser det ikkje som eit alternativ å vike utanfor den tjukke linja då den på eit kart med målestokk på 1:50 000 tilsvarar ei 100 meter brei grense.

3.2.6 Akershus og Oslo jordskifterett

Akershus og Oslo jordskifterett finn vi lokalisert i Lillestrøm. Denne jordskifteretten har sidan 1999 motteke 38 krav om grensegang i samband med vernegrenser. Kontoret har til saman ni tilsette, fire domarar inkludert jordskifterettsleiar, tre ingeniørar og to sakshandsamarar.

Før jordskifteretten mottek krav om grensegang for offentleg regulering av eigarrådvelde vert det laga eit forslag over kostnadane jordskifteretten meiner saka førar med seg. Dette vert gjort etter førespurnad frå vernestyresmaktene. Deretter kjem kravet om grensegang frå fylkesmannen, det vert gjort kravskontroll med særskilt omsyn til partslista som ofte omfattar

manglar. Dersom jordskifteretten finn avvik vil dei ta dette opp med vernestyresmaktene. Vidare vert kravet forkynna for partane, jordskifteretten tek med dei tilgrensande eigedomane der eigedomsgrensa skal vere grunnlaget for vernegrensa som partar i saka. Jordskifteretten har laga eit informasjonsskriv for denne typen saker, føremålet med dette skrivet er å avgrense enkeltspørsmål undervegs i saken. Det vert halde eit første rettsmøte i saka der føremålet er å få klarlagt ein del praktiske tilhøve og det fungerer som ein arena der partane kan få svar på ein del spørsmål. Den formelle prosessen og gjennomgangen av saka vert handsama på dette møtet. I det vidare vert vernegrensa stukke ut på grunnlag av vernekartet, etter at merking eller midlertidig merking er gjort vert eit kart sendt ut på høyring. Etter at høyringsfristen er ute vert det fatta vedtak og dersom merking er gjort midlertidig vert den no gjort om til fast merking. Dersom det kjem inn merknadar vert desse handsama og om naudsynt avsagt dom kring tilhøvet. Jordskifteretten har som fast praksis at dei fastset eigedomsgrensa der vernegrensa og eigedomsgrense skal vere samanfallande. Dette kan partar motseie seg og grensa deira vil då verte halde utanfor saken. Når grensene er fastsett vert dette forkynna til partane på vanleg måte.

Heilt til slutt vert det gjort ei sluttavrekning av kostnadar jordskifteretten har hatt i samband med saka og dersom denne avvik frå forslaget vil dette verte handsama i samråd med fylkesmannen.

Desse sakene kan verte liggjande lenge på vent fordi jordskifteretten manglar teknisk personell til handsaminga. Det vert peika på at dei finn rekruttering vanskeleg.

Vernesakene påverkar den økonomiske situasjon då det er ein del teknisk utstyr som er særst dyrt å drifte, det er snakk om lisensar og vedlikehald som ikkje kan takast over sideutgifter. Løn til domarar og ein del utgifter til administrasjon som ein heller ikkje får dekka gjennom sidemidlar. Sakstypen er ikkje gunstig for ressurstilgangen på kontoret.

Jordskifteretten ser ein del positive sider ved å handsame desse sakene, dei ser det som ein flott måte å få inn studentar og gje dei eit innblikk i korleis jordskifteretten jobbar. Det er ein god måte for ferske landmålarar til å få seg trening med utstyret. Når dette er sagt peikar dei på at saken ligg nok noko utanfor jordskifteretten si kjerneverksemd og at jordskifteretten ikkje skal vere eit reint oppmålingsinstitutt.

Jordskifteretten ser ikkje noko alternativ til kven andre som kunne handsama denne typen saker. Ved å la jordskifteretten gjere dette arbeidet tryggar ein eit godt resultat etter merking av grensene, prosessforma eignar seg godt for jordskifteretten og tryggar god kontradiksjon. Jordskifteretten har også den naudsynte fagkompetansen til det tekniske. Så lenge det går fram av lova at jordskifteretten skal handsame denne typen saker stiller ikkje jordskifterette nokre vidare spørsmål kring det enn å halde seg til lovgjevar.

I høve der jordskifteretten finn avvik i vedtaket og kartet vil dei kontakte vernestyresmaktene for å avklare dei problema som måtte oppstå. Forvaltninga vert handsama som ein vanleg part, det vert gjort rettleiing etter føresett forkunnskap. Jordskifteretten held orienteringsmøte for fylkesmannen med jamne mellomrom.

På vernegrensene vert alle knekkpunkt merka, alle skjeringspunkt vert også merka fordi jordskifteretten ser det som interessant for grunneigar og vernestyresmaktene å vite kva tid dei kjem inn på ein ny eigedom. Det vert nytta eigedomsgrenseboltar til eigedomsgrense, også i skjeringspunkta og vernegrenseboltar elles.

På lengre strake grenselinjer har jordskifteretten lagt seg til ein praksis å merke kvart 50 til 100 meter. Det er ynskjeleg at ein lett skal kunne kommunisere mellom to punkt, sikt vil også kunne påverke lengda på intervalla, dersom merka skal vere på kvar sin topp og det er 300 meter mellom vil toppane vere greitt å nytte.


Dersom ein møter punkt som ikkje let seg måle inn vil ein først prøve å måle det inn eksentrisk, ved hjelp av to hjelpepunkt. Eller ein kan digitalisere punktet på bakgrunn av terrengdetaljar med gode nok kartreferansar. Ein kan også fastsetje punktet ved dom, altså at nyttar kartkoordinat.

Dersom jordskifteretten finn at dei må avvike frå den tjukke vernelinja vil dei lage eit utkast til vedtak med kart som vert sendt ut til alle partane.

Eg har fått tilsendt døme frå Akershus og Oslo jordskifterett frå eit plantefredingsområde på Ulvøya. Her vil vi sjå eit situasjonskart frå kravet om grensegang, og korleis avgrensingane av verneområdet er endra ved handsaming hjå jordskifteretten.



Figur 4 Utsnitt av situasjonskart frå kravet om grensegang for Ulvøya plantefredningsområde (døme frå Akershus og Oslo jordskifterett)



Figur 5 Utsnitt av jordskiftekartet etter handsaming av Ulvøya plantefredningsområde (døme frå Akershus og Oslo jordskifterett)

3.2.7 Sør-Trøndelag jordskifterett

Sør-Trøndelag jordskifterett finn vi lokalisert i Trondheim. Denne jordskifteretten har i perioden 2009 til 2011 fått inn 22 krav om grensegang i samband med offentlig regulering av eigarrådvelde. Kontoret har til saman 18 tilsette, åtte domarar inkludert jordskifterettsleiar og ein jordskiftedomarfullmektig, seks ingeniørar og fire sakshandsamarar.

Grensegang for vernegrenser vert handsama som ordinære saker. Etter krav frå fylkesmannen er registrert vert det kalla inn til eit første rettsmøte. I dette møtet ser jordskifteretten at det er særskilt viktig at ein representant frå vernestyresmaktene møter opp. På dette møtet vert det gått gjennom kart og grenseskildring, eventuelle avvik mellom desse, andre moment som er av interesse for saken vert også drøfta på dette møtet. Grunneigarane får mogelegheit til å uttale seg kring ynskje om til dømes justeringar eller uklare eigedomstilhøve. Etter dette møtet vert

grensene målt og merka før det vert sendt ut forslag til vedtak på høyring. Etter å ha handsama eventuelle merknadar vert dette vedteke av jordskifteretten. I dei høva vernegrense og eigedomsgrense er samanfallande klarlegg jordskifteretten eigedomsgrensene.

Denne typen saker vert handsama når det er kapasitet ved kontoret, dei vert verken prioritert eller nedprioritert. Alt fell ned på ledig kapasitet. Det vert i stor grad nytta eige teknisk personell ved kontoret. I og med at kontoret har god kapasitet på teknisk personell finn ikkje jordskifteretten denne typen saker som ei tyngsle for kontoret. I nokre høve lånar jordskifteretten ut ingeniørane sine til andre kontor som har dårlegare kapasitet. Jordskifteretten tek inn sidemidlar som gjer at dei ikkje ser at sakene får påverknad på budsjettet i vesentleg grad. Det einaste jordskifteretten ynskjer å peike på er at vernesaker kverrset måleutstyr.

Jordskifteretten stiller spørsmål om dette er ei oppgåve for domstolen då det er i all hovudsak reint merkearbeid. Dei stiller spørsmål om dette er riktig bruk av ressursane. Til tross for desse momenta held jordskifteretten seg til lova og handsamar dei oppgåve jordskifteretten skal etter jordskiftelova.

Gjennom ei vernesak vert fylkesmannen handsama på lik linje med dei andre partane, og dersom det skulle verte meir kontakt med forvaltninga enn med dei andre partane er jordskifteretten open om dette. Kontakten mellom jordskifteretten og forvaltninga vil ofte vere i samband med avvik dei finn under målearbeidet.

Sideutgiftene dei tek inn vert nytta til løn, reiseutgifter og liknande for det tekniske personalet.

Jordskifteretten merkar i utgangspunktet berre knekkpunkt, men etter ynskje frå vernestyresmaktene vert det tettmerking nokre stadar. Dette er i hovudsak ved sentrale innfartsårer for verneområdet. Dei har ikkje faste intervall for tettmerking. Skjeringspunkt mellom vernegrense og eigedomsgrense vert merka. Dersom jordskifteretten møter punkt som ikkje let seg måle inn flyttar dei punktet så sant dei klarar å halde seg innanfor den tjukke vernegrensa på kartet. I nokre høve har jordskifteretten måtte avvike frå den tjukke streken på kartet, men dette har etter at målearbeidet er ferdig presentert for vernestyresmaktene for godkjenning.

3.2.8 Vestfold jordskifterett

Vestfold jordskifterett finn vi lokalisert i Tønsberg. Denne jordskifteretten har i perioden 2009 til 2011 avslutta 30 saker om grensegang i samband med offentleg regulering av eigar-rådvelde. Kontoret har til saman sju tilsette, tre domarar inkludert jordskifterettsleiar, to ingeniørar og to sakshandsamarar.

Når krav kjem inn frå fylkesmannen vert det kalla inn til eit fremjingsmøte. Jordskifteretten har hatt eit eige møte seinare med synfaring der praktiske spørsmål har vorte avklart. Vidare har grensene vorte gått opp, etter den praktiske måle og merkinga vert forslaget til vedtak sendt ut på høyring. Etter at eventuelle merknadar har vorte handsama, vert det gjort eit vedtak.

Dei grensegangsakane for vernegrenser som har kome inn vert ikkje nedprioritert, dei vert handsama straks det er mogeleg for det tekniske personale å gå i gong. Det er berre kapasiteten for det tekniske personale som kan gjere at ein slik sak vert sett litt på vent.

Jordskifteretten har fått delfinansiert utstyr og finansiert konsulent i to år ved bruk av sidemidlar. Dette har frigjort ein del teknisk kapasitet for oppmåling av vernegrenser.

Jordskifteretten klarlegg og fastsett eigedomsgrensene der desse er samanfallande med vernegrensene. I det vidare er jordskifteretten positive til at dei skal handsame denne typen saker.

Avvik i kartet frå forvaltninga vert i all hovudsak klarlagt og løyst på synfaringa, men dersom det skulle dukke opp nye tilhøve undervegs vil jordskifteretten måle inn eit forslag etter beste skjønn og sende på høyring.

Jordskifteretten har eit godt forhold til fylkesmannen, det er ein grei dialog mellom dei. I utgangspunktet vert forvaltninga handsama på lik linje med ein ordinær part og rekvirent.

Sidemidlar vert nytta til kontorpersonell og teknisk utstyr.

Jordskifteretten merkar knekkpunkt. Det vert også gjort tettmerking der det er lange grensestrekingar og terrenget tilseier at det kan vere teneleg med informasjon i terrenget

kring kvar grensene går. Dei har ikkje fast praksis på intervallengde mellom kvart punkt, men dei ynskjer at det skal vere mogeleg å kommunisere mellom kvar punkt. Merking av skjeringspunkt mellom eigedomsgrense og vernegrense vert merka i dei sakene der eigedomsgrensa vert handsama. I dei høva jordskifteretten møter punkt som ikkje let seg måle inn, prøvar dei å måle dette eksentrisk, ved hjelp av to hjelpepunkt eller ved bruk av kikkert.

Jordskifteretten har hatt med seg representant frå fylkesmannen til det tekniske arbeidet i omtrent alle sakene, og der det har vorte naudsynt med endringar har forvaltninga og grunneigar vorte einige på staden. Endringane vert då i ettertid tekne opp med Direktoratet for naturforvaltning som går inn og endrar vedtaket og legg jordskifteretten sitt kart til grunn.

3.3 Presentasjon av fylkesmannskontora

3.3.1 Fylkesmannen i Nordland

Det vert kravd grensegangsak for jordskifteretten frå fylkesmannen i Nordland i samband med oppmåling av vernegrenser. Dette er i samsvar med retningslinjene gjeve frå Direktoratet for naturforvaltning i handbok nr. 17-2001 *Områdevern og forvaltning*. Fylkesmannen finn også at resultatata jordskifteretten produsera i form av endelege grenser og jordskiftekart er særst tilfredstillande.

Jordskifteretten vert sett på som det beste alternative til å handsame desse saken, mest på grunn av at involverte partar har tiltru til at jordskifteretten kjem fram til riktig resultat. Dette gjer at ingen i ettertid stiller spørsmål med den endelege grensa. Tidlegare har oppmålinga vore gjort av blant anna Fjelltenesta. Dei erfaringane fylkesmannen har frå denne instansen som teknisk handsamar var greie, men ved å samanlikne med det jordskifteretten produserar i dag finn fylkesmannen jordskifteretten som betre. Den største skilnaden er i høve til ei nøyaktig målt grense.

Fylkesmannen produserar vernekarta på oppdrag frå Miljøverndepartementet som igjen avgjer dei formelle rammene for korleis vernekartet skal utformast i høve til målestokk og storleiken på vernegrensa. Fylkesmannen gjer inga eige vurdering i høve til dette.

Ei partsliste kan innehalde manglar då kravet kjem inn til jordskifteretten, men fylkesmannen let jordskifteretten ta seg av dette og kalle inn dei partane dei meiner skal vere involvert i saka.

Det er lite samråding mellom fylkesmannen og jordskifteretten. Det som er av dialog ligg til praktiske spørsmål kring grensa. Det skjer også at grunneigarar peikar på feil i grensa undervegs i saka. Då vil jordskifteretten høyre med fylkesmannen om kva syn forvaltninga har til dette innspelet.

3.3.2 Fylkesmannen i Telemark

Det vert kravd grensegangsak for jordskifteretten frå fylkesmannen i Telemark i samband med oppmåling av vernegrenser. Dette er i samsvar med retningslinjene gjevne frå Direktoratet for naturforvaltning.

Fylkesmannen tykkjer det er ei god og ryddig ordning med at jordskifteretten handsamar grensegang for vernegrenser. Dei ser heller ikkje noko betre alternativ til jordskifteretten i dag. Oppmåling har tidlegare vore gjort av Statens kartverk, men om lag dei siste 10 åra har jordskifteretten vore nytta. I den grad desse kan samanliknast ser fylkesmannen at jordskifteretten gjer ein betre jobb. Dette kan ha samband med nyare teknologi. Det vert også peika på at jordskifteretten er regulert gjennom lovverk som gjer at fylkesmannen ikkje treng hente inn anbod på oppmålingsoppdrag. Forvaltninga ser det som positivt at resultatet etter handsaming frå jordskifteretten er eit rettsfastsetjande vedtak.

Det jordskiftekartet grensegangen resulterer i, vert eit godt supplement til vernekartet. Jordskiftekartet vert gjeldande ved sida av vernekartet i den forstand at vernekartet vert formelt endra der det er gjort justeringar på grensa. Endringane skjer i samråd mellom jordskifteretten og forvaltninga. For at forvaltninga skal endre vernekartet må justeringane vere synlege i høve til den tjukke vernegrensa som går fram av vernekartet.

Jordskifteretten har retningslinjer frå forvaltninga som seier dei skal halde seg til senterlinje av vernegrensa. Dersom det på grunn av terrengtilhøve eller liknande gjer til at jordskifteretten må avvike frå senterlinja vil jordskifteretten måtte samrå seg med vernestyresmaktene.

Det kan førekome manglar i partslista. Dette kan ha ulike årsaker. Det kan vere at fylkesmannen har arbeida for fort og oversett nokre partar, kartgrunnlaget kan vere feil. Den viktigast årsaka til at jordskifteretten finn manglar i partslista er at det vert arbeida ut i frå to forskjellige regelverk. Forvaltninga er pålagt å ta med dei partane som vert direkte råka av vernet, medan jordskifteretten også tek med granneeigedomar, særleg der vernegrense og eigedomsgrense skal vere samanfallande.

For å betre situasjonen i samband med kartgrunnlag og partsliste frå forvaltninga si side, vert det peika på at den enkelte kommunale matrikelstyresmakt kan vere til hjelp i høve til å aktivt oppdatere matrikkelen.

Samråding mellom forvaltninga og jordskifteretten skjer i dei høva der det er uvisse kring ei grensestrekke, eller at jordskifteretten gjennom sitt feltarbeid oppdagar fysiske tilhøve som ikkje er synlege i kartet. Dette kan til dømes vere at landmålaren oppdagar ein brønn som vernestyresmaktene ikkje ynskjer skal vere innanfor verneområdet. Fylkesmannen har i slike høve fullmakt til å ta avgjer kring mindre endringar av grensa. Ved større endringar, tek fylkesmannen dette opp med Direktoratet for naturforvaltning. Desse kjem saman fram til ei løysing som dei orienterar jordskifteretten om.

Det har vore eit tilhøve der det har vore nytta private til oppmåling. Det vart gjort ei førebels oppmåling, men det var ikkje gode erfaringar med dette då punkta ikkje vart sett ut på eit skikkeleg vis i terrenget. Her ser fylkesmannen jordskifteretten som ein profesjonell og god aktør.

3.3.3 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Det vert kravd grensegangsak for jordskifteretten frå fylkesmannen i Sogn og Fjordane i samband med oppmåling av vernegrenser. Dette vert gjort fordi jordskifteretten har høg kompetanse innanfor fast eigedom og har særst godt teknisk utstyr. Det vert også sett på som ein viktig faktor at jordskifteretten er ein nøytral instans som alle partar meiner gjer ein god jobb.

Fylkesmannen har ikkje undersøkt kva alternativ som kan ligge føre i høve til jordskifteretten då Direktoratet for naturforvaltning har lagt opp til at jordskifteretten skal nyttast.

Før grensegang vart kravd for jordskifteretten gjorde fylkesmannen mykje av jobben med oppmåling og merking sjølv. Resultata av dette slik ein ser det i dag, var mykje unøyaktig arbeid då det vart nytta enklare GPS-utstyr, og føresetnadane for å kontrollere kvaliteten på kart og eksisterande grensemerke ikkje var like god hjå fylkesmannen den gongen som hjå jordskifteretten i dag. At sakene starta å gå for jordskifteretten ser fylkesmannen som ei naudsynt heving i kvaliteten på arbeidet.

Ein kan ikkje sjå vekk i frå at eit konsulentfirma kunne gjort den tekniske delen av arbeidet omtrent like godt som jordskifteretten gjer det, men handsaming av jordskifteretten er ynskjeleg då det er ein domstol og har den naudsynt autoriteten i samfunnet. Eit anna viktig moment er at jordskifteretten som ein uavhengig domstol ikkje vert sett på som forvaltninga si forlenga arm i desse sakene.

Vernekarta vert utforma digitalt, og den digitale fila seier kvar grensa skal gå. Vernekartet i papirformat som går til Kongeleg resolusjon vil vere noko unøyaktig. Det vert føresett at senterlinje i vernegrensa skal følgjast frå jordskifteretten si side ved oppmåling og merking. Kvaliteten på kartet vil påverke Direktoratet for naturforvaltning si mogelegheit til å gjere endringar i grensa utan å måtte gjennomføre ei endringssak. Dette kjem an på kor store utslag endringane får på kartet i høve til vernegrensa.

At ein finn manglar i partslista er for fylkesmannen ikkje ukjend, men dei manglande som ligg føre vert utbetra når saka vert handsama hjå jordskifteretten. Fylkesmannen finn det særleg vanskeleg å klarleggje og finne ut kven som har bruksrettar innanfor dei råka eigedomane i verneområdet. Dette er ikkje eit stort problem, men det oppstår til tider.

Tiltak som kan gjere situasjonen betre i høve til vernekartet kan vere betre og meir fullstendige opplysningar kring kartgrunnlaget. Digitale innsynsløysingar med meir informasjon kring bruksrettar som ligg til eigedomar hadde vore til stor hjelp. Dette kunne kanskje vore løyst med symbolbruk i kartet. Oppdatering av matrikkelen, særleg i høve til når personar døyr og kven som administrerar dødsbuet.

Samråding mellom fylkesmannen og jordskifteretten skjer berre i den grad jordskifteretten finn at dei fysiske tilhøva avvik vesentleg frå kartet, og i dei høva jordskifteretten gjer justeringar av grensa.

3.3.4 Fylkesmannen i Troms

Fylkesmannen i Troms nyttar seg av jordskifteretten for oppmåling av vernegrenser. Dette vert i hovudsak gjort fordi fylkesmannen finn jordskifteretten som ein solid og profesjonell aktør som dei ser best eigna til å handsame desse sakene.

Før det var avgjort at jordskifteretten skulle nyttast til å handsame vernegrensene, vart kommunar spurd om dei kunne ta på seg ei slik oppgåve. Dette ville dei ikkje grunna at dei hadde mykje anna arbeid. Fylkesmannen ser i ettertid at det ville vorte problematisk dersom kommunar skulle gjere denne jobben fordi det då måtte ei mykje betre koordinering av arbeidet til. Fleire verneområder strekkjer seg over fleire kommunar og i nokre høve over fylkesgrenser. Det vart gjort ei prøveordning med jordskifteretten, og dette har med tida vorte særst bra, samstundes har jordskifteretten eit stort arbeidsområde. Fylkesmannen ser det som viktige faktorar at sakene vert løyst likt frå stad til stad og at sakene vert handsama av ein institusjon som jordskifteretten med stor tillit i samfunnet.

Det vart også undersøkt om private firma kunne gjere denne jobben, men dette kom ingen veg. Det kom fram at private oppmålingsfirma ikkje kan vise til same kompetanse som jordskifteretten på dette området.

Tidlegare vart grensa gått opp med kart, kompass og måleband ut i frå dei vernekarta ein hadde. Dette var før GPS-utstyret kom, og vart gjort av fylkesmannen sine folk. Grense vart ikkje nøyaktige. Dette ser ein i dag då grense på fleire eldre verneområde treng å verte gått opp på nytt.

Det er varierende kvalitet på vernekarta grunna i særst varierende kvalitet på kartgrunnlaget. Dette kan vere gamle ØK-kart som ikkje er oppdaterte etter eigedomstilhøva i dag. Det er ikkje alle område som er dekkja av innlandskart, då vert det nytta sjøkart.

Det ligg føre retningslinjer for kor stor vernegrensa skal vere på vernekartet. Dette går fram av retningslinjer gjevne av Direktoratet for naturforvaltning. Det som har vore gjort er at jordskifteretten etter sitt arbeid har vore bedt om å teikne inn både vernegrensa og grensa som er resultatet etter merking på same kart. Så har det vore sett om det har vore avvik mellom desse to, dersom det er avvik vert desse sendt til Direktoratet for naturforvaltning som tek avgjer om det er naudsynt med ein endringsprosess.

Fylkesmannen prøvar så godt som råd å få oversikt over partane i sakene. Dette er ikkje lett på grunn av mykje fråflytting og personar som ikkje veit at dei eig eigedom i området. Det er mange som sit med uskifta bu. Det er også på nokre eigedomar særst mange forskjellige eigarar. Fylkesmannen nyttar seg av matrikkelen og grunnboka saman med høyringar som vert sendt ut i samband med vernearbeidet.

Fylkesmannen ynskjer at jordskifteretten og Direktoratet for naturforvaltning hadde sett seg ned og sett på moglegheita for å finn ei prosessform som er mest mogeleg samanfallande. Dette ville gjort til at ein hadde unngått å hatt to parallelle prosessar i gong samstundes.

Sidan fylkesmannen og jordskifteretten har kontorlokale i same bygg vert det naturleg ein del dialog mellom dei. Dette skjer i samband med praktiske tilhøve kring kart og grense. Det vert gjort konkrete vurderingar saman, og fylkesmannen finn at denne måten å arbeide på er særst lærerik for miljøavdelinga. Mykje av dialogen er retta mot teikninga av vernekarta, her i høve til kvar grensa bør leggjast for å lette det tekniske arbeidet i ettertid. Fylkesmannen ser også ein høg verdi i dette samarbeidet i samband med å utforme grenseskildringar.

3.3.5 Fylkesmannen i Nord-Trøndelag

Det vert kravd grensegangsak for jordskifteretten frå fylkesmannen i Nord Trøndelag i samband med oppmåling av vernegrenser. Dette er i samsvar med retningslinjene gjevne frå Direktoratet for naturforvaltning.

Fylkesmannen meiner dette er eit godt og trygt alternativ då dei har ei lov å fatte vedtak etter. Det har tidlegare vore prøvd ulike måtar å få gått opp vernegrense på, men sidan Direktoratet har avgjort at jordskifteretten skal nyttast held fylkesmannen seg til det.

Før jordskifteretten starta å handsame desse sakene vart oppdraget sendt ut på anbod der private firma fekk tilslag. Skogforeininga Nord har også handsama nokre saker tidlegare og sakene har vore formelt løyst av fylkesmannen, då med innleidde landmålarar til å gjere den tekniske delen av saka.

Vernekarta er særst nøyaktige då dei vert laga digitalt og grensa vert gjeven i ulik storleik på ulike kart gjeve den målestokken kartet er framstilla i.

Partslista kan innehalde manglar på det tidspunkt saka kjem inn til jordskifteretten, men dette meiner fylkesmannen er greitt fordi jordskifteretten kallar inn dei partane dei meiner skal vere partar i saka. Årsaka til dette er i stor grad at fylkesmannen ikkje kallar inn tilgrensande eigedomar som partar, medan jordskifteretten gjer dette.

Det er noko samråding mellom jordskifteretten og fylkesmannen i den grad det er naudsynt med tanke på endringar og justeringar av vernegrensa.

3.3.6 Fylkesmannen i Akershus og Oslo

Dei siste fem åra har jordskifteretten vore nytta til å handsame grensegang for vernegrenser. Fylkesmannen ser jordskifteretten som det einaste alternativet fordi dei kan avgjere tvist kring grenser ved dom. Problematikken kring dette er at ein kan få to juridisk bindande grenser, etter dom frå jordskifteretten og vernevedtaket. Det er på grunn av dette viktig at forvaltninga endrar grensene i vernevedtaket i samsvar med jordskiftekartet etter handsaming hjå jordskifteretten. Dette har ikkje i alle høver vorte gjort, så fylkesmannen ynskjer seg betre rutinar for å få inn ein automatikk i endring av grenser slik at det til slutt er eit gjeldande kart. Dei grensene jordskifteretten kjem fram til og gjer gjeldande gjennom sitt vedtak er i mange høve betre enn dei eksisterande vernegrensene frå vernevedtaket. Det ligg mykje ansvar til fylkesmannen i å få sendt jordskiftekartet inn til Direktoratet for naturforvaltning for endring.

Det har vore nytta private oppmålingsfirma til å gjere denne jobben tidlegare, men desse kan ikkje avgjere kvar ei grense skal gå på lik linje med ein jordskifterett. Jordskifteretten vert i dag sett på som det enklaste og beste alternative til å handsame vernegrenser.

Det skal i utgangspunktet ikkje vere noko problem at vernegrensa er teikna så tjukk på kartet, då knekkpunkta i dei fleste høve er koordinatfesta. Fylkesmannen ser også at karta kunne hatt ein betre nøyaktigheit, men det vert gjort ein del betringar og presiseringar gjennom synfaring med jordskifteretten.

Det er skilnad i korleis jordskifteretten og vernestyresmaktene meiner partslista skal vere. Vernestyresmaktene tek normalt med eigedomar som faktisk vert råka av vernevedtaket, medan jordskifteretten i tillegg tek med tilgrensande eigedomar.

Fylkesmannen og jordskifteretten har ein dialog saman før kravet om grensegang vert sendt inn til jordskifteretten. Her legg fylkesmannen fram ynskje om prioriteringsrekkefølge på sakene. Normalt ynskjer fylkesmannen at områder som er utsett for konflikt og har sterke brukarinteresser, vert handsama først. Under saka er fylkesmannen ein part som alle andre og får ytre sitt syn på saka. Det vert elles litt dialog kring justeringar av grensa der jordskifteretten finn dette naudsynt.

3.3.7 Fylkesmannen i Sør-Trøndelag

Det vert kravd grensegangsak for jordskifteretten frå fylkesmannen i Sør Trøndelag i samband med oppmåling av vernegrenser. Dette er i samsvar med retningslinjene gjeve frå Direktoratet for naturforvaltning.

Med bakgrunn i dei erfaringar som er gjort så langt, vert jordskifteretten sett på som det beste alternativet til å handsame oppmåling av vernegrenser. Det har tidlegare vore nytta private oppmålingsfirma, men praksis hjå dei var ein del ulik den jordskifteretten har i høve til å trekkje inn tilgrensande eigedomar. Fylkesmannen ser derfor jordskifteretten som ein trygg aktør for handsaming av denne sakstypen.

Grunnen til at vernekarta er av slik varierende kvalitet er på grunn av retningslinjer gjeve frå Miljøverndepartementet som seier at karta helst skal utformast i A4 format og elles på ein relativt enkel måte. Fylkesmannen har sjølv sagt arbeidskart undervegs i prosessen for å gjere det endelege vernekartet så godt som mogeleg.

Fylkesmannen meiner jordskifteretten er ein meir profesjonell aktør i høve til å leite opp partar og informasjon kring eigedomar, som igjen gjer til at dei er betre rusta til å få til ei fullstendig partsliste. I høve der vernestyresmaktene ikkje finn tak i alle partane, vert personar som kan ha tilknytning til området oppfordra til å ta kontakt med vernestyresmaktene gjennom høyringsmeldingar og kunngjeringar kring vernet.

Fylkesmannen meiner jordskifteretten kunne vore trekt inn i saka på eit tidlegare tidspunkt for å betre på situasjonen kring kart og partsliste. Dette meiner fylkesmannen kan gjerast fordi kravet kjem til jordskifteretten i alle høve.

Det vert samråding i den grad at fylkesmannen er alltid kalla inn til møter og vert invitert til å vere med på oppmålingsarbeidet. Fylkesmannen er også alltid til stades der det oppstår diskusjonar kring grensa.

3.3.8 Fylkesmannen i Vestfold

Fylkesmannen i Vestfold krev grensegangsak for jordskifteretten i samband med oppmåling av vernegrenser. Dette vert gjort fordi jordskiftelova heimlar sakshandsaming hjå jordskifteretten for denne typen saker.

Fylkesmannen har prøvd å nytte seg av oppmålingssetatar frå kommunar, men jordskifteretten vert sett å gjere ein praktisk betre jobb. Frå tidlegare vernesaker ser ein at fleire verneområder manglar kart i dag, dette skuldast i stor grad usystematisk og mangelfullt arbeid.

Måten vernekartet vert framstilla på er i mange høve ein uheldig praksis, karta er ofte for upresise og for dårleg utarbeida på vernetidspunktet. Det er vesentlege avvik mellom grenseoppgangen sitt kartgrunnlag og vernekartet. Dette er endringar som er gjort av fylkesmannen sin fagmann saman med jordskifteretten. Det er ikkje tvil om at det hadde vore ein fordel om det hadde vore gjort eit betre arbeid på eit tidlegare tidspunkt medan vernet faktisk gjekk føre. Dette førar med seg mykje etterarbeid i samband med å få endra grensene i samsvar med jordskiftekartet. Fylkesmannen meiner vernekartet bør ha ein heilt anna nøyaktigheit når det går til vern.

På spørsmål kring mangelfull partsliste ynskjer ikkje fylkesmannen å uttale seg.

For å betre kvaliteten på vernekarta ser fylkesmannen for seg at det vert investert meir tid i den tidlege fasen av vernearbeidet. Gjennom eit meir grundig førearbeid vil ein kunne fastsetje ei meir presis vernegrense. Eit anna tiltak fylkesmannen meiner må gjerast er å få full digitalisering av kartproduksjonen. Det har vore høve der vernekarta har vore handteikna.

Det er dialog mellom fylkesmannen og jordskifteretten, då det er ein representant frå fylkesmannen med under heile saksgongen hjå jordskifteretten, og det kan verte ein dialog i ettertid kring faktiske tilhøve og eventuelt justeringar av grensa.

4. Drøfting

Som det går fram av materiale presentert gjennom teoridelen og empiridelen, er det fleire moment som kan vere gjenstand for diskusjon. Eg vil i dette kapittelet sjå på dei momenta eg meiner er relevant i høve til problemstillinga og drøfte desse.

Det har av denne undersøkinga kome fram at det ligg føre skilnader i korleis ulike jordskifterettar handsamar grensegang for offentleg regulering av eigarrådvelde. Eg finn at ein jordskifterett ikkje handsamar eigedomsgrenser i slike saker, sjølv om det er meint at vernegrense og eigedomsgrense skal vere samanfallande. To av jordskifterettane handsamar eigedomsgrenser der dei lett kan påvisast, men det vert ikkje nytta store ressursar på å få desse grensene klarlagt. Dei resterande fem av totalt åtte jordskifterettar, som danna grunnlaget for denne undersøkinga, handsamar eigedomsgrenser der desse er meint å vere samanfallande med vernegrensa. I dei høva eigedomsgrenser ikkje vert fastlagt, vil eit sentralt spørsmål vere korleis jordskifteretten kan vere trygg på at eigedomane ikkje vert råka av vernet? For at jordskifteretten skal vere trygg på kva eigedomar som inngår eller grensar til eit verneområde, må retten ha god dokumentasjon. Dersom slik dokumentasjon ikkje ligg føre, korleis vil då jordskifteretten kunne vite kva for eigedomar som vert råka av, eller grensar til eit verneområde?

Det går fram av handbok nr. 17-2001 at skjeringspunktet mellom vernegrense og eigedomsgrense bør merkast i dei fleste tilhøva²¹. Dette vert konsekvent gjort av fem av jordskifterettane som er med i utvalet. Vi har to jordskifterettar som seier dei merkar skjeringspunktet der det ikkje skapar ekstraarbeid å påvise dette punktet. Medan ein jordskifterett handsamar ikkje skjeringspunktet. Dette har samanheng med at ikkje alle jordskifterettane handsamar eigedomsgrensa, jf. avsnittet over. Som det går fram av førearbeida²², vil det vere viktig å klarlegge kvar ei råderettsgrense går inn på ein eigedom samt også utgangen av denne grensa. Dette vil vere til hjelp for grunneigar, fordi bruk av verna areal er regulert ved eigne forskrifter, og brot på desse reglane kan føre til strafferettslege konsekvensar.


²¹ <http://www.dirnat.no/content/1191/Omradevern-og-forvaltning> kapittel 4 side 4.

²² Ot.prp.nr.76 (2000-2001) Om lov om endringar i lov 21. desember 1979 nr. 77 om jordskifte o.a. og i einiskilde andre lover. Side 21


Når det gjeld vernestyresmaktene sitt syn på jordskifteretten i desse sakene, meiner dei dette er eit enkelt og trygt alternativ, då dei ordnar alt i same sak. Dei står for ein ryddig prosess som både vernestyresmaktene og partane er nøgde med. Handsaming hjå jordskifteretten tryggar også god kontradiksjon, og det vert peika på at resultata er særst tilfredstillande frå deira ståstad. For å trygge god kontradiksjon i saka er det i utgangspunktet naudsynt at alle partar som har rettar eller grunneigedomsrett innanfor verneområdet, vert informert om arbeidet som skal i gang. På dette området finn vi eit skilje mellom jordskifteretten og vernestyresmaktene. Det går fram at dei arbeidar etter ulike lovverk når det kjem til kven som skal definerast som partar i saka. Vernestyresmaktene underrettar partar som vert direkte råka av vernevedtaket, medan jordskifteretten også involverar tilgrensande eigedomar. Dette er hovudårsaka til at det er mangelfull partsliste når saka vert kravd for jordskifteretten. Ein skal under dette punktet også ta med at kartgrunnlaget fylkesmannen nyttar i deira framstilling av vernekart, ikkje alltid er god nok, og vil derfor også vere ein av årsakene til at partar kan vere utelate frå saka. Dette viser seg i dei høva der eigedomar anten ikkje er teke med eller er feilaktig teke med.

Eg har fått tilsendt døme på vernekart, samt jordskiftekart frå Nedre Telemark jordskifterett. Desse illustrerar at vernekarta som vert produsert frå vernestyresmaktene, ikkje alltid er like gode.

Desse to karta ser ved fyrste augekast ikkje ut til å vere ulike, men ved nærare ettersyn finn vi viktige skilnader. Overingeniør Harald Skarboe ved Nedre Telemark jordskifterett kunne fortelje at på vernekartet er det lagt til grunn eitt gards- og bruksnummer, og dette var samstundes feil. Som det går fram av jordskiftekartet er det fleire gards- og bruksnummer innanfor dette verneområdet. Ingen av dei faktisk råka eigedomane var med i vernevedtaket. Det vert også peika på at vernekartet inneheld ein del manglar i høve til eigedomsgrensar.



Figur 6 Vedteke vernekart for Storkollen naturreservat i Kragersø (døme frå Nedre Telemark jordskifterett)




Figur 7 Jordskiftekartet etter handsaming av Storkollen naturreservat (døme frå Nedre Telemark jordskifterett)


På spørsmål kring vernekarta og kvaliteten på desse, er det brei semje om at dei kan framstillast betre. Det går fram av intervju med fylkesmenna at dei utformar vernekart ut i frå retningslinjer frå Miljøverndepartementet. På internett finn eg retningslinjene for korleis eit vernekart skal utformast, utarbeida av Direktoratet for naturforvaltning²³. Retningslinjene er lagt ved som vedlegg 1. Her går det fram at dei skal framstillast i A4 eller A3 format, med målestokk på inntil 1:50 000. Det går i dette dokumentet fram at linjene i kartet skal ha ein viss storleik for å gjere kartet enklare å lese. Bakgrunnskart som vert nytta, skal vere primært ØK-kart i svart/kvitt. Eg ynskjer å setje dette litt opp i mot dei føresegnene Landbruksdepartementet la til grunn ved utarbeidinga av lovendringa i 2001. Ei av årsakene til at denne heimelen vart lagt til jordskifteretten i 2001 var argumentasjon frå departementet kring kvaliteten på vernekarta som vart framstilla av vernestyresmaktene. Det vart peika på at målestokk i storleiken 1:50 000 var ei feilkjelde departementet ikkje kunne finne akseptabel.

Eg har også fått tilsendt døme frå Nedre Telemark jordskifterett på vernekart som er framstilla på ein god måte. Det vert i høve til Valberg naturreservat opplyst frå Harald Skarboe at i dette høve har vernestyresmaktene fått med seg riktige gards- og bruksnummer samt at eigedomsgrensa er med. Med bakgrunn i døma frå Nedre Telemark jordskifterett, ser vi kor store skilnadar det kan vere i høve til kart som er produsert og framstilt av vernestyresmaktene. Her er det potensiale for meir stabilitet i arbeidet.

²³ www.dirnat.no/attachment.ap?id=1133 Lest 13.03.2012



Figur 8 Eit godt utarbeida vernekart for Valberg naturreservat (døme frå Nedre Telemark jordskifterett)



Figur 9 Jordskiftekartet som resultat av grensegang ved Valberg naturreservat (døme frå Nedre Telemark jordskifterett)

I tilhøve der det vert oppdaga avvik mellom røynda og vernekartet, vil dette verte diskutert mellom jordskifteretten og vernestyresmaktene. Dersom jordskifteretten si oppmålte grense viser seg å avvike frå den tjukke vernegrensa, vil jordskifteretten måtte informere om dette. Vernestyresmaktene må då vurdere om det vert naudsynt å setje i gong ei endringssak for grensa. Dersom endringar gjort av jordskifteretten ikkje er synlege i høve til den tjukke vernegrensa, vil jordskifteretten orientere om endringane, og desse vert i dei fleste tilhøva godkjend av fylkesmannen etter fullmakt frå Direktoratet for naturforvaltning.

Av dei åtte jordskifterettane som er med i denne undersøkinga, nyttar sju seg av moglegheita til å ta inn sideutgifter i samband med handsaming av desse sakene. Den eine, Nordfjord jordskifterett, har fram til i dag ikkje kravd inn sideutgifter, men uttalar at det vil verte gjort i nokre saker dei skal til å handsame, då desse er større og meir omfattande enn tidlegare saker. Sideutgiftene vert nytta til å løne ingeniørar, teknisk utstyr, ekstrahjelp, kontortilsette som er tilsett for å utføre arbeidsoppgåver ingeniøren har på kontoret, som til dømes arkiveringsarbeid. På denne måten vert sideutgiftene nytta til ekstrahjelp på kontoret, i staden for ekstrahjelp til faktisk måling og merking. Nokre av jordskifterettane har fått delfinansiert målesett frå vernestyresmaktene. Det vert peika på at moglegheita til å krevje inn sideutgifter er heilt avgjerande for at jordskifteretten skal ha kapasitet til å handsame desse sakene. Fleire av jordskifterettane finn det tidvis problematisk at denne sakstypen kverrset måleutstyr, og at sakstypen generelt ikkje er heldig for ressurstilgangen på kontoret. Sakstypen førar også med seg utgifter jordskifterettane ikkje kan dekkje ved sideutgifter. Dette vere seg vedlikehald av teknisk utstyr og lisensar, løn til domarar og andre administrative kostnader. Det er fleire av jordskiftekontora som finn rekruttering til ingeniørstillingar vanskeleg, noko som skapar problem i høve til å få handsama desse sakene.

Ordninga med å krevje inn sideutgifter kan verke som ein fordelaktig heimel for vernestyresmaktene. Ein kan sjå på dette som at vernestyresmaktene «kjøper» seg arbeidskraft hjå jordskifteretten. Årsaka til dette er at det i fleire høve vert lyst ut toårig engasjement hjå jordskifterettane der planen er at ein ingeniør i utgangspunktet berre skal arbeide med denne typen saker. Av undersøkinga går det fram at det er skilnad i kor mange saker dei enkelte kontora handsamar. Hjå dei kontora som handsamar få slike saker vert dei handsama når det er ledig tid. Ut i frå undersøkinga går det fram at sideutgiftene vert nytta til det dei er meint å gjere, å dekkje kostnader jordskifteretten vert påført i samband med denne sakstypen.

Det går fram at Nedre Telemark jordskifterett ynskjer at jordskifteretten skal vere med i større delar av verneprosessen. Det vart sagt at dersom jordskifteretten kjem inn på eit tidlegare tidspunkt, såg dei føre seg at dette vil gjere til at vernevedtaket ville halde høgare kvalitet i høve til kart, partsliste og skildring av verneområdet når verneforslaget går til vedtak. Det er ein fylkesmann som delar dette synet om å få engasjert jordskifteretten tidlegare. Det vil vere fleire positive sider ved dette, blant anna at det ikkje ville vorte dobbeltarbeid i høve til utarbeiding av kart og partslister. Samstundes ville vernestyresmaktene vorte trygge på at alle grunneigarane vert varsla og teke med i vedtaket. Dersom jordskifteretten skulle vore med tidlegare i verneprosessen, er eg redd for at dette fort kunne verte sett på som om jordskifteretten tok større del i forvaltningsverksemd.

Det vert uttalt frå Nedre Telemark jordskifterett, at det hadde vore ynskjeleg at jordskifteretten var ferdig med arbeidet sitt på det tidspunktet forslaget om vern gjekk til vedtak hjå Kongen i statsråd. Dette finnast det ikkje heimel til å gjere i og med at vernestyresmaktene må ha eit offentleg godkjend vedtak før dei formelt kan foreta innskrenkingar i rådvælde hjå private grunneigarar. Ein kan også spørje seg om dette i prinsippet vil føre til at vernestyresmaktene sit med eit fysisk avgrensa område som endå ikkje er definert som verneområde. Kva ville så ha skjedd om forslaget om vern ikkje hadde vorte vedteke? Situasjonen ville då vore at jordskifteretten hadde merka og fastlagt grensene for eit område som aldri skulle vore merka. Kva ville då vorte gjort i høve til jordskifteretten sitt rettsfastsetjande vedtak? Eit alternativ kunne vore at jordskifteretten merka verneområdet midlertidig, for så å merke området permanent etter vedtak om vern er gjort. På denne måten kunne forslaget til midlertidig merking vorte grunnlaget for vedtak om vern.

Det går fram av erfaringar gjort av dei ulike fylkesmennene, at jordskifteretten vert sett på som den beste aktøren til å handsame vernegrensene. Det vert frå nokre meint at ein ikkje kan utelukke at private oppmålingsfirma kan gjere ein like god måleteknisk jobb som jordskifteretten gjer, men at skilnadane fell på kompetansen innanfor fast eigedom sine rettstilhøve. Det vert mellom anna sagt frå fylkesmannen i Akershus og Oslo at private oppmålingsfirma ikkje kan avgjere kvar ei grense skal gå på lik linje med det jordskifteretten har kompetanse til. Dette er riktig, men i ei grensegangsak for offentleg regulering av eigarrådvælde vil ikkje jordskifteretten ha noko reell mogelegheit til å avgjere noko i høve til grensa, då retten skal halde seg til vernevedtaket og så langt som råd til senterlinje av vernegrensa. Når dette er sagt vil jordskifteretten vere nøydd å handsame tvistar som oppstår som følgje av grensegangen,

og som er naudsynt å få løyst med omsyn til saka. Dersom løysinga av ein tvist kring ei eigedomsgrense ligg innanfor vernegrensa, med ei lita endring i høve til senterlinja av vernegrensa, vil jordskifteretten endre vernegrensa slik at den samsvarar med resultatet av tvisten. I den grad det vert fråvike frå senterlinja av vernegrensa, om det er grunna i tvist eller terrengtilhøve, vil vernestyresmakta verte underretta for deretter å avgjere om dette er i samsvar med interessene vernet skal tene. Dersom det skulle vise seg at ei eigedomsgrense ligg eit stykke unna der ein trudde den fyrst var, vil vernestyresmaktene verte orienterte, og vil måtte vurdere om det vert naudsynt med ei endringssak. Den store skilnaden mellom jordskifteretten og eit privat oppmålingsfirma i høve til å gå opp ei grense, vil liggje til dei høva der eigedomsgrensa skal fastsetjast i same sak. Eit privat oppmålingsfirma vil ikkje ha noko reell mogelegheit til å fastsetje ei rettskraftig grense. Dersom det skulle oppstå tvist kring ei grensestrekkje, vil ikkje eit privat oppmålingsfirma ha noko mogelegheit til å avgjere kvar ei grense skal gå.

Av utvalet på åtte jordskifterettar, finn eg at fire av desse har stilt seg sjølv spørsmålet om dette verkeleg er ei oppgåve som bør liggje til jordskifteretten. Det vert peika på at det er lite eller inga domstolsverksemd i desse sakene. Ein kan spørje seg om dette harmonerar med Domstolsadministrasjonen sin rapport, *Jordskifterettens kjernevirksomhet* som slår fast at denne typen saker er ei oppgåve som *bør* og *må* liggje til jordskifteretten? I undersøkinga går det fram at det er to jordskifterettar som er utelukkande positive til at jordskifteretten handsamar grensegang for offentleg regulering av eigarrådvelde. Dei fleste jordskifterettane finn positive sider som følgje av handsaminga av desse sakene. Sakene gjev ingeniørane feltarbeid som dei set stor pris på. Det er også ein god start for ferske ingeniørar å verte kjend med utstyr og liknande. Med mogelegheita til å ta inn sidemidlar, kan jordskifteretten tilby sommarjobb til både studentar og andre unge og får på den måten vist til eit større publikum kven jordskifteretten er og kva dei driv med. Det vert også nemnd at jordskifterettane får avgrensa ledig tid for ingeniørane, då det går an å arbeide med ei vernesak i ledige stunder.

Det kan verke som om Landbruksdepartementet såg for seg at det kom til å vere meir tvist og usemje i samband med desse sakene, då heimelen vart lagt til jordskifteretten. Ut i frå den undersøkinga eg har gjort, syner ikkje dette å vere tilfelle i dag. Alle jordskifterettane har fortalt at dei sjeldan eller aldri har opplevd tvist i samband med grensegang for offentleg regulering av eigarrådvelde.

I høve til at det er lite tvistehandsaming i desse sakene og at jordskifteretten sitt rettsfastsetjande vedtak skal vere i samsvar med vernevedtaket²⁴, ynskjer eg å peike på jordskiftelova § 89. I paragrafen sitt første ledd, tredje og fjerde setning går det fram at jordskifteretten skal avgrense saka til å gjelde område som er omtvista eller strengt naudsynte merke- og målearbeid, og at ei grensegangsak ikkje skal fremjast der den kan få karakter som eit systematisk merke- og målearbeid.

Det kjem fram at det er ynskjeleg frå Nordfjord jordskifterett at jordskifteretten også burde vore tillagt oppgåve med å halde erstatningsskjønnet. Det er ikkje vanleg at vernesaker går til skjønn i høve til utmåling av vederlag, men i dei sakene det vert usemje kring vederlaget kunne det gått fram av lova at eit krav om skjønn *skal* gå for jordskifteretten.

Det går fram av informasjonen eg fekk frå seminaret kring vernesaker hjå Domstolsadministrasjonen, at fleire jordskifterettar føler seg for mykje knytt til retningslinjene som er gjeve frå vernestyresmaktene i høve til handsaminga av desse sakene, sjå delkapittel 1.4.1. Ein kan setje spørsmål ved om det er problematisk i slike saker at jordskifteretten ikkje kan gjere egne vurderingar i høve til grensestrekkje. I samband med uttalingane frå jordskifterettane under seminaret vil eg trekkje fram at ein domstol skal vere uavhengig frå dei andre statsmaktene og skal dermed ikkje kunne instruerast eller påverkast i nokon form, jf. prinsippet om uavhengnad, jf. Grunnlova §§ 88 og 90. Ut i frå informasjon frå utvalet viser det seg at ikkje alle jordskifterettar følgjer retningslinjene Direktoratet for naturforvaltning har gjeve.

Vidare kan ein spørje kvifor det er naudsynt med eit rettsfastsetjande vedtak etter jordskiftelova § 17 a når det allereie ligg føre ein kongeleg resolusjon som jordskifteretten i prinsippet ikkje kan endre på? Eit vedtak gjort av forvaltninga er bindande for dei det gjeld, og ein domstol kan ikkje gjere endringar i dette. Frå tre av fylkesmenna vert det peika på at dei meiner det er positivt at jordskifteretten sitt resultat er eit rettsfastsetjande vedtak eller dom ved tvist.

²⁴ Ot.prp.nr.76 (2000-2001). Om lov om endringar i lov 21. desember 1979 nr. 77 om jordskifte o.a. og i einskilde andre lover s. 20 - 21

Dei ordinære domstolar kan kontrollere gyldigheita av eit forvaltningsvedtak²⁵. Dette har ikkje jordskifteretten kompetanse til, jf. orskurd frå Borgarting lagmannsrett publisert LB-2011-113659. Lagmannsretten kom her til at jordskifteretten ikkje har kompetanse til å avgjere gyldigheita av eit forvaltningsvedtak som eit underliggjande rettshøve etter jordskiftelova § 17. Dette vart avgjort som følgje av at ein part i ei vernesak påsto at vedtaket var ugyldig og meinte jordskifteretten i Akershus og Oslo skulle avgjere dette. Jordskifteretten kom til at dei hadde kompetanse til å vurdere dette med heimel i jordskiftelova § 17, men saka vart anka til lagmannsretten av vernestyresmaktene.

Vernestyresmaktene kan krevje grensegangsak for offentlig regulering av eigarrådvelde etter at vedtak om vern er gjort ved Kongen i statsråd. Vilkåra for å kunne krevje grensegangsak for jordskifteretten er først og fremst at prosessføresetnadane er til stades, men også at grensa anten er uklår eller omtvista. Spørsmålet mitt vert om ei vernegrensa som er vedteken av Kongen i statsråd per definisjon er uklår? Departementet seier i Ot.prp. nr. 76 (2000-2001) at dei vanlege føresegnene for grensegang skal gjelde også for grensegang for offentlig regulering av eigarrådvelde²⁶, noko som gjer til at jordskifteretten bør ta stilling til om grensa er uklår eller omtvista før saka vert fremja. Vernegrensa er kartfesta med koordinatfesta²⁷ knekkpunkt når den går til handsaming ved Kongen i statsråd. Er det då uklårleik? I praksis vil jordskifteretten også fremje grensegang saker der grensa står fram som klår, dette vert gjort for å førebyggje potensiell framtidig tvist. Her kan ein tenke seg ein situasjon der til dømes to bestefedrar har klårt for seg kvar eigedomsgrensa går, og ynskjer å få dette klårlagt for yngre generasjonar, og på den måten hindre framtidig tvist. Dette tyder på at vilkåra for fremjing av ei grensegangsak ikkje elles vert handheva så strengt, så vi kan kanskje ikkje krevje at ein skal det for denne sakstypen?

Ved friviljug vern vil grunneigar i stor grad ha definert kva som skal vernast. Dersom vernegrensa skal følgje eigedomsgrensa og denne ikkje er klår, vil den Kongelege resolusjonen ikkje ha noko innverknad på jordskiftretten sitt arbeid. Jordskifteretten må då fastsetje eigedomsgrensa, og som følgje av den finn jordskifteretten ut kvar vernegrensa skal gå.

²⁵ Ot.prp.nr. 51(2004–2005) Om lov om mekling og rettergang i sivile tvister (tvisteloven). side 341

²⁶ Ot.prp.nr. 76 (2000-2001) Om lov om endringar i lov 21. desember 1979 nr. 77 om jordskifte o.a. og i ein skilde andre lover. side 21

²⁷ Dette kjem fram av intervjuet med fylkesmannen i Akershus og Oslo.

Det vert framheva frå fylkesmannen i Akershus og Oslo at ei sær viktig oppgåve frå fylkesmannen si side er å melde frå til Direktoratet for naturforvaltning om endringar som følgjer av jordskiftekartet. Ein kan oppleve at ein sit med to gyldige kart over same verneområde, dette vere seg jordskiftekartet og vernekartet. Etter jordskiftesaka vert resultatet alltid i slike saker eit jordskiftekart, men det er fylkesmannen som er ansvarleg for at Direktoratet for naturforvaltning får dette for å oppdatere sin kartbase. Dersom fylkesmannen ikkje får sendt jordskiftekartet vidare sit ein altså med to gyldige kart. Kva vert gjeldande av desse? Det kan verke som det er meint at jordskiftekartet skal vere det gjeldande i høve til at det vert gått opp ei grense, og forslaget til denne vert sendt på høyring til partane i saka. Her vil vernestyresmaktene ha mogelegheit å kome med merknadar dersom dei finn avvik i grensa.

I utkastet til ny jordskiftelov²⁸ vert heimelen for å halde grensegangsak for offentleg regulering av eigarrådvelde føreslege vidareført til ny § 4-2 første ledd, bokstav g. Omgrepet «grensegangsak» vert endra til å heite «grensesak». Jordskiftesaker som oppstår på grunn av offentleg regulering av eigarrådvelde vert føreslege å heite «vernejordskifte». Dette vert samleomgrepet for dei sakene der jordskifteretten skal halde skjønnet i kombinasjon med grensesaka, og er ei vidareføring av no gjeldande § 6 andre ledd i jordskiftelova. Reglane kring sideutgifter er vidareført i ny § 7-4 andre ledd. Her er det lagt inn forslag om at andre partar enn vernestyresmaktene kan verte pålagt kostnadar dersom eigeiendomen deira endar med netto nytte etter handsaming. Vilkåra for grensegangsak i jordskiftelova § 89 første ledd, tredje og fjerde punktum vert føreslege teke ut av jordskiftelova grunna at dei strid i mot prinsippet om at partane skal ha råderett over saka. Jordskifteretten mistar som følgje av dette mogelegheita til å avgrense skiftefeltet til område med tvist, eller avvise saka grunna i saka sin karakter. Det vert også peika på at reglane kring grenselengdegebyr skal bidra til å avgrense omfanget av saka, noko som gjer at jordskifteretten ikkje treng ta stilling til dette²⁹.

I samband med forslaget til ny lov tykkjer eg det er positivt at omgrepet «vernejordskifte» vert teke med i lovteksten. Dette bidreg til å tydeleggjere mogelegheita partar og vernestyresmakter har til å krevje sak for jordskifteretten i samband med utmåling av vederlag

²⁸ http://www.regjeringen.no/pages/2238105/Hoyringsnotat_ny_jordskiftelov_180909.pdf Lest 26.03.12

²⁹ http://www.regjeringen.no/pages/2238105/Hoyringsnotat_ny_jordskiftelov_180909.pdf. Side 69

for innskrenkingar i rådvelde. Vidare meiner eg det førar til ei trygging av denne sakstypen sin posisjon i jordskiftelova. Dette kan føre til at diskusjonar kring temaet vert avgrensa.

Vi ser at ordninga med sideutgifter vert vidareført. Denne undersøkinga har vist at ordninga er heilt avgjerande for jordskifteretten si rolle som handsamar av denne sakstypen. Samstundes som ordninga vert vidareført, opnar no lovgjevar for at andre råka partar kan verte tillagt jordskiftekostnadar i samband med vernejordskifte. Dette meiner eg er i tråd med korleis jordskiftekostnadane vanlegvis vert utmålt, etter nytta ein har av jordskiftet.

Vilkåra i nogjeldande jordskiftelov § 89 første ledd, tredje og fjerde punktum, er føreslege teke ut av lova. Dette meiner eg ut i frå denne undersøkinga og argumentasjonen til lovgjevar er riktig. Det går ikkje fram at nokon av jordskifterettane i utvalet har nytta seg av å avvise eit krav om grensegang for offentleg regulering av eigarrådvelde grunna i jordskiftelova § 89 første ledd, fjerde punktum. Det går vidare fram at det er særst sjeldan eller aldri tvist kring grenser i slike saker, som gjer at vilkåret i tredje ledd ikkje vil få verknad i nemneverdig grad.

5. Avslutning

Noko av hovudårsaka til at eg ynskte å sjå nærare på dette temaet var at eg sjølv har stilt meg spørsmålet om grensegang for offentleg regulering av eigarrådvelde er ein sakstype som bør liggje til jordskifteretten. Eg ynskte i utgangspunktet å kome til ein konklusjon på dette spørsmålet, men arbeidet avdekkja at dette ikkje let seg gjere ved ei undersøking av dette omfanget. Undersøkinga har også vist meg at det ligg føre fleire moment enn eg var klår over, og at ein ikkje utelukkande bør sjå på gjeldande lovtekst og praksis, men samstundes på nytta denne sakshandsaminga hjå jordskifteretten har for samfunnet.

Resultatet av denne undersøkinga er at den viser tilhøve som talar både for og i mot at jordskifteretten bør handsame grensegang for offentleg regulering av eigarrådvelde. Undersøkinga er meint å kaste lys over ulike sider av den pågåande diskusjon kring jordskifteretten si rolle som handsamar av denne sakstypen. Dette er eit tema ein kan gå djupare ned i, men det vil krevje ei undersøking av eit større omfang. Det går fram at ein er nøgd med situasjonen slik den er i dag, men at det ligg føre eit potensiale for å betre kartproduksjonen hjå vernestyresmaktene som kan lette arbeidet hjå jordskifteretten i vesentleg grad.

Ein kan seie at den reint faktiske oppmålinga av vernegrensa bør kunne gjerast av til dømes private oppmålingsfirma, men dette kan skape problem i høve til kvar det enkelte verneområde er geografisk plassering. Det vert sagt frå fylkesmannen i Troms at å få private oppmålingsfirma til å måle opp desse grensene tidvis vil verte problematisk. Jordskifteretten har derimot eit stort geografisk arbeidsområde, samt at den er vand med å handsame grenser. Det ligg også allereie føre ein ingeniørstab ved kvar jordskifterett som gjer at tilstrekkjeleg teknisk kompetanse også er til stades.

I høve til at grensegang for offentleg regulering av eigarrådvelde kan seiast å vere ein tidsavgrensa sakstype, og mykje av kompetanse kring fast eigedom ligg nettopp til jordskifterettane, kan eg ikkje vise til noko betre alternativ til handsaming av desse sakene.

Det er kome fram av undersøkinga at det tidlegare har vore prøvd andre måtar å få handsama sjølve grensegangen på, men resultatata av dette har ikkje vore tilfredstillande. Ein kan likevel ikkje utelukke at mykje av årsaka til dette er utviklinga av det tekniske måleutstyret.

Slik tilhøva står fram i dag, ser det ut til å fungere greitt i praksis i høve til at jordskifteretten handsamar desse sakene. Jordskifterettane gjer meg merksam på at sakstypen krev store ressursar frå enkelte kontor, på grunn av mangel på teknisk personell, og at det er vanskeleg å få kompetente personar til å søkje på ingeniørstillingar. Samstundes er det heller ikkje alltid like lett å få målehjelp i feriar. På dette området ser det ikkje ut til at ordninga med sideutgifter fungerer heilt optimalt, då sideutgiftene skal dekkje kostnadane jordskifteretten har ved handsaminga av desse sakene. Det har kome fram at jordskifteretten vert påført ein del kostnadar ved handsaminga av desse sakene som ikkje kan dekkjast ved sideutgifter. Det er ikkje alle kostnadane sakstypen direkte førar med seg, men dei oppstår gjerne oftare grunna i handsaminga. Dette er til dømes vedlikehald av måleutstyr.

I høve til ordninga med at jordskifteretten krev inn sideutgifter finn eg ikkje dette som noko problem slik eg vert fortald at jordskifterettane nyttar denne ordninga. Tvert i mot er ordninga heilt avgjerande for at jordskifterettane skal ha mogelegheit til å handsame grensegangsakene.

Det ville ved seinare forskning vore interessant å få utreda i kor stor grad ein kan tillate jordskifteretten å vere meir deltakande i prosessane kring arbeidet med vern før eit forslag går til vedtak.

6. Kjelder

Austenå, T og Øvstedal, S (2000) *Jordskifteloven med kommentarer*. Ås, Universitetsforlaget.

Direktoratet for naturforvaltning (2001) Handbok nr. 17 *Områdevern og forvaltning*.

Tilgjengeleg frå: <http://www.dirnat.no/content/1191/Omradevern-og-forvaltning> (Lest 17.01.2012).

Flø, O. (2011) *Jordskifteretten og domstolsprinsippene*. Universitetet for miljø- og biovitenskap. (førelesning 25.01.2011)

Flø, O. (2011) § 88 første ledd - *Saklig kompetanse i grensegangssak*. Universitetet for miljø- og biovitenskap. (førelesning 08.02.2011)

Landbruks- og matdepartementet (2009) *Høyringsnotat om ny jordskiftelov*. Tilgjengeleg frå: http://www.regjeringen.no/pages/2238105/Hoyringsnotat_ny_jordskiftelov_180909.pdf (Lest 03.04.2012)

Miljøverndepartementet (1999) Rundskriv T-3/99 *Naturvernloven*. Tilgjengeleg frå: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/dok/rundskriv/1999/T-399-Naturvernloven.html?id=425437> (Lest 18.01.2012).

NOU 2002:09. *Jordskifterettens stilling og funksjoner*. Oslo. Statens forvaltningstjeneste Informasjonsforvaltning. 161 s.

Ot.prp.nr.5 (1998-1999). *Om lov om endringer i lov 21 desember 1979 nr 77 om jordskifte o.a. (jordskifteloven) m.m.* Oslo. Landbruks- og matdepartementet.

Ot.prp.nr. 51 (2004-2005) *Om lov om mekling og rettergang i sivile tvister (tvisteloven)*. Oslo. Justis- og politidepartementet.

Ot.prp.nr. 52 (2008-2009) *Om lova om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)*. Oslo, Miljøverndepartementet.

Ot.prp.nr.57 (1997-1998) *Revisjon av lov 21. desember 1979 nr 77 om jordskifte o.a. og endringar i einskilde andre lover*. Oslo. Landbruks- og matdepartementet.

Ot.prp.nr. 76 (2000-2001) *Lov 21. desember 1979 nr. 77 om jordskifte o.a. og i einskilde andre lover (endringslov)*. Oslo, Landbruks- og matdepartementet.

Rapport frå arbeidsgruppe (2009) *Jordskifterettens kjernevirksomhet*. Trondheim, Domstolsadministrasjonen.

Ravna, Ø. (2007) Jordskifterettens saklige kompetanse i grensegangssaker. *Kart og Plan*, 67: 211-231.

Stokstad, S. (2011) *Bruksordning ved jordskifte i samband med utbygging av småskalakraftverk*. Masteroppgåve. Ås: Universitet for miljø- og biovitenskap, Institutt for landskapsplanlegging. 105 s.

Vedlegg

Vedlegg 1 – Retningslinjer for utforming av vernekart

Internt

Direktoratet for **naturforvaltning**

Retningslinjer for utforming av vernekart



Retningslinjer for utforming av vernekart		
Gjelder for: Miljøverndepartementet (MD), Direktoratet for naturforvaltning (DN) og fylkesmennene (FM)		
Målsetning: Sikre at vernekartene framstilles med et ensartet og profesjonelt preg		
Ansvarlig: DN - Arealavdelingen		
Opprettet: januar 2004		
Revidert: November 2007		
	TRYKTE KART	VANLIG UTSKRIFT
GJELDER	Store verneområder Alle nasjonalparkene. I tillegg store landskapsvernområder der samlet verneareal normalt overstiger 15 km ² .	Små verneområder Øvrige vernområder. For spesielt store naturreservat kan det likevel være aktuelt å trykke vernekartet. Dette skal i så fall avklares nærmere med DN/MD
MÅLESTOKK	Benytt målestokk 1:50.000 eller mindre. Målestokken avgrenses til nærmeste 10.000	Lages i målestokk inntil 1:50.000 Mellom 1:10.000 og 1:50.000 avgrenses målestokken til nærmeste 2500. Inntil 1:10.000 avgrenses målestokken til nærmeste 500
FORMAT	Trykkes i format A2 eller A1 eventuelt i et format mellom disse. For spesielt store verneområder kan det være aktuelt å benytte inntil A0-format.	Skrives ut på vanlig printer i A4 eller A3 format. Annet format avtales med DN.
FARGEBRUK	Lages alltid i farger, jf. vedlegg 1.	Framstilles primært i sort/hvitt. Ved bruk av farger skal fargetabellen, jf. vedlegg 1 benyttes.
KNEKKPUNKT	Knekkpunktene skal ikke merkes eller nummereres.	

BAKGRUNNSKART	<p>Benytte samme fargevalg som i Statens kartverk N50-kartblad.</p> <p>Administrative grenser (kommune, fylkes og riksgrenser), veier, jernbane og kraftlinjer skal framgå.</p> <p>De mest brukte og tydelige stier kan framgå av bakgrunnskartet. Det skal likevel ikke fokuseres spesielt på sti-/løypenettet til bestemte lag eller organisasjoner.</p> <p>Rasterkart for N50 kan også benyttes</p>	<p>Primært benyttes ØK-kart i sort/hvitt.</p> <p>ØK-kart med standard fargevalg kan også benyttes hvis det er tilgjengelig. Det må likevel ikke medføre at vernegrensen blir utydelig og mindre lesbar.</p> <p>For "større" verneområder, anslagsvis over 15 km², og områder uten dekning av ØK-kart, må likevel N50 benyttes som bakgrunn.</p>
LINJER	<p>Verneområdene avgrenses av en heltrukken linje. Linjetykkelsen <u>som vises på kartet</u> skal være mellom 0,75 og 1,25 millimeter. For å øke lesbarheten i kartet kan linjetykkelsen variere langs vernegrensen. Når vernegrensen følger vannlinjer kan for eksempel tykkelsen på linjen reduseres ned mot minimum.</p> <p>Der to verneformer har felles grenselinje bestemmer den strengeste verneformen strekfargen – dvs: NR > NP > Biotopfredning > LVO > Artsfredning.</p> <p>Vernegrenser som faller sammen med fylkes eller kommunegrense skal overskrive de administrative grensene. Hvis riksgrenser sammenfaller med vernegrensen må likevel riksgrensen også vises. Dette er normalt ikke noe problem i forhold til N50 fordi riksgrensen der er bredere enn anbefalt tykkelse på vernegrensen.</p>	

FLERE VERNEFORMER PÅ SAMME KART	<p>Når vernevedtaket omfatter både "store" (NP og LVO) og "små" verneområder (NR etc) vises ofte de små områdene dårlig. Ved behov kan det lages egne vernekart for de små områdene i større målestokk. I slike tilfelle skal verneforskriften til "små områder" kun henviser til det detaljerte vernekartet i stor målestokk (eks 1: 5000). Samtidig skal verneforskriften til de "store områdene" kun henviser til vernekartet i liten målestokk 1:100.000</p> <p>I tegnforklaringen på det trykte kartet skal det likevel framgå hvilke "små områder" som har egne vernekart. Det gjøres ved å tilføye følgende tekst bak navnet på "små områder" med eget kart: <i>har eget vernekart i målestokk 1:?????</i></p> <p>Når flere verneområder presenteres på samme kart skal hvert av områdene merkes med navnet sitt. Navnet skrives primært i samme farge som selve verneformen, med mindre dette gir problemer med lesbarhet i forhold til bakgrunnskartet. Navn på nasjonalparker skal ha litt større fonter enn andre verneformer.</p>
EKSISTERENDE VERNEOMRÅDER	<p>Når det finnes eksisterende verneområder <u>innenfor avgrensningen</u> til det nye verneområdet skal disse framstilles i sin rette farge, men med skravur, jf. vedlegg 1. Navnet på eksisterende områder må også vises på vernekartet, men fargen skal da være sort.</p> <p>Andre eksisterende verneområder <u>innenfor kartutsnittet</u> skal derimot ikke tegnes inn. Heller ikke de som grenser inntil det nye verneområdet. Det er likevel ikke nødvendig å fjerne eksisterende verneområder som er vist på et rasterbasert bakgrunnskart.</p>
UTVIDELSE AV OMRÅDER	<p>Ved utvidelser av et eksisterende verneområde skal den gamle vernegrensen <u>ikke</u> vises på vernekartet.</p>
RUTENETT	<p>Dette skal alltid være med. For å øke lesbarheten bør det være så diskret som mulig, dvs. bruk av tynne linjer og ev. gjennomsiktig strekfarge. Lengdeintervallet mellom linjene kan også økes i forhold til det som er normalt.</p>
TEGNFORKLARING	<p>Form og størrelse på tegnforklaringen må tilpasses tilgjengelig plass på kartutsnittet. For vernevedtaket som omfatter mange delområder og flere verneformer vil navneteksten ta stor plass. Dette påvirker hvordan tegnforklaringen bør utformes.</p> <p>Fonttype skal være Arial. Fontstørrelsen kan variere, men all tekst må være lettlest.</p> <p>Det skal <u>ikke</u> forekomme logoer i tegnforklaringen og heller ikke noen riksløve.</p> <p>For eksempel på tegnforklaringen, se vedlegg 2 og 3</p>



OVERSIKTSKART PÅ VERNEKARTET	<p><u>Alle vernekart</u> skal ha et oversiktskart på selve kartet, som viser hvor verneområdet ligger i fylket. Det plasseres på kartutsnittet, men utenfor selve tegnforklaringen. For områder som strekker seg over flere fylker skal alle berørte fylker framgå. Kartet er kun til informasjon og har ikke rettsvirkning. Hensikten er at en lett skal kunne gjenkjenne hvor verneområdet ligger i et fylke/en landsdel. Det skal inneholde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • kommune- og fylkesgrenser • flateobjekt for den eller de største byene i fylket/fylkene • "store verneområder" markeres med et flateobjekt for hele verneområdet - dvs kun den ytre avgrensning. • "små verneområder" markeres med en rød prikk <p>For Fylkesvise verneplaner lages oversiktskartet slik at det viser alle områder som vernes etter den fylkesvise planen. Det aktuelle verneområdet markeres spesielt med rød prikk, mens de øvrige områdene markeres med sorte prikker. Men ved sort/hvitt framstilling må det aktuelle verneområdet markeres med en pil eller lignende. Navnet på den fylkesvise verneplanen skal framgå, og vises innenfor dette oversiktskartet, jf vedlegg 3 (Trollfjorddalen/Gulgo NR).</p>
OVERSIKTSKART – R-NOTAT	<p>Kartet skal kun brukes ved fremlegging av R-notat ved vernevedtak. Det skal være i A4 format.</p>
OVERSIKTSKART – INTERNETT	<p>I tillegg til vernekartet skal det lages et eget oversiktskart. Det skal vise verneområdets utstrekning og geografisk beliggenhet i forhold til for eksempel kjent by/tettsted e.l. Det skal både brukes ifm fremlegging av R-notat ved vernevedtak (papirutgave), og som nettkart ifm at det legges ut nyhet om vernevedtaket på internett.</p> <p>For Fylkesvise verneplaner eller andre tematiske verneplaner skal kartet vise hvor i fylket de enkelte verneområder ligger. Det samme gjelder tematiske verneplaner for hele eller deler av landet, f.eks. skogvern:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Hvert område markeres med et tall som henviser til nummeret området har i kgl. res. • Kartet skal også ha en tegnforklaring som viser navnet til hvert områdenummer. • "Små" områder markeres med en rød prikk, mens "større" områder vises med selve avgrensningen til verneområdet. Hva som er "små" og "store" områder må sees i forhold til den målestokk kartet fremstilles i. <p>Formatet skal være A4. Navnet på verneplanen skal også framgå av oversiktskartet.</p>

Vedlegg 1

FARGETABELL FOR VERNEOMRÅDER				
Verneform	§§	Farge	R-G-B	CMYK
Nasjonalpark	3	grønn	0-109-44	100-0-100-20
Landskapsvern	5 eller 5 og 13 og/eller 14	lys grønn	102-188-90	60-0-70-0
Naturreservat	8	dyp rød	153-0-0	40-100-100-0
Naturminne	11	Lite aktuelt – ta kontakt med DN		
Biotopfredning naturvernloven	9 og 13 og/eller 14	mørk brun	115-76-0	Må konverteres..
Artsfredning	13 og/eller 14	Lite aktuelt – ta kontakt med DN		
Biotopfredning villloven	7	lys brun	Ikke avklart – ta kontakt med DN	
Biotopfredning laks- og innlandsfiskeoven	7	Lite aktuelt – ta kontakt med DN		
SPESIALTILFELLE				
Landskapsvern	Hvis verneområdet er inndelt i soner med rent landskapsvern og ulike varianter av landskapsvern med plante-/dyrelivsfredning skal dette framgå av kartet. Ta kontakt med DN i det enkelte tilfelle			
Biotopfredning naturvernloven	Hvis verneområdet er inndelt i soner med ulike kombinasjoner av enten plante- og dyrelivsfredning skal dette framgå av kartet. Ta kontakt med DN i det enkelte tilfelle.			
Bruk av soner	<p>Alle soner som har ulik rettsvirkning må framgå av vernekartet, for eksempel ulike regler for jakt, plantelivsfredning eller lignende.</p> <p>Derimot skal ikke soner som bare har med forvaltningen av området framgå (f. eks. skjøtselssoner, sårbarhetssoner etc). Dette er forhold som hører hjemme i en forvaltningsplan og skal stedfestes der. Kontakt DN hvis dere er i tvil.</p> <p>Dersom det likevel er aktuelt å markere soner skal disse avgrensnes med en stiplet linje. Linjetykkelsen som vises på kartet skal være mellom 0,5 – 0,75 millimeter. I tillegg skal det innenfor sonen være en hvit merkelapp der sonene benevnes med A, B osv. Sonen skal beskrives i tegnforklaringen</p> <div style="text-align: center;">  </div>			
Eksisterende vern	<p>Eksisterende verneområder skraveres, og i samme farge som den aktuelle verneformen. Dette kan dessverre komme til å dominere kartbildet. Benytt derfor en svak og tynn (tynnere enn vist på denne figuren!):</p> 			
"Hull" i verneområdet	Områder innenfor vernegrense som er unntatt fra vernevedtaket skal markeres med en lys grå og gjennomsiktig raster (grå). Skravuren må være så svak (transparent) at den ikke blir dominerende i forhold til de arealene som vernes.			

Vedlegg 2 - Eksempel på tegnforklaring


Alt A: Vanlig tekst i Word-format


"Navn" "verneform"	
"Eventuelle andre navn og verneformer "	
"Navn" kommune, "Navn" fylke	
linje/farge	"verneform"
linje/farge	"verneform"
--- --	Sone A: "område med restriksjoner"
	Eksisterende verneområde
N 	Målestokk = 1 : ?????? Ekvidistanse: ?? meter
0 ? ? ----- ----- km	
UTM rutenett i EUREF89, sone ??	
Kartgrunnlag: N50/N5, kartblad ????, ????, ????	
Kartproduksjon: "Hvem som har produsert kartet"	
Miljøverndepartementet "måned" "år"	

Alt B: Objekt koblet til Power-Point presentasjon


"Navn" "verneform"
"Eventuelle andre navn og verneformer "

"Navn" kommune, "Navn" fylke

 "verneform"

 "verneform"


--- Sone A: "område med restriksjoner"

 Eksisterende verneområde

0 1 2 "km/m"

Målestokk: 1:????
Ekvidistanse: ?? m
Kartgrunnlag: "N5/N50 og ev. hvem som har levert data?"
Tillatelsesnummer: "Referansenummer"
Datum: "f.eks EUREF 89, sone 32N"

Miljøverndepartementet, "måned årstall"



Vedlegg 2 – Godkjenning frå Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS
NORWEGIAN SOCIAL SCIENCE DATA SERVICES



Harald Hårfagres gate 29
N-5007 Bergen
Norway
Tel: +47-55 58 21 17
Fax: +47-55 58 96 50
nsd@nsd.uib.no
www.nsd.uib.no
Org.nr. 985 321 884

Erik Nord
Nedre Telemark Jordskifterett
3706 SKIEN

Vår dato: 11.04.2012

Vår ref:30096 / 3 / LMR

Deres dato:

Deres ref:

TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 05.03.2012. Meldingen gjelder prosjektet:

30096	<i>Bør jordskifteretten bandsame grensegangfor vernegrenser?</i>
Behandlingsansvarlig	<i>Universitetet for miljø- og biovitenskap, ved institusjonens øverste leder</i>
Daglig ansvarlig	<i>Erik Nord</i>
Student	<i>Vidar Espen Sæbø</i>

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meldepliktig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredsstiller kravene i personopplysningsloven.


Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, eventuelle kommentarer samt personopplysningsloven og helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, http://www.nsd.uib.no/personvern/forsk_stud/skjema.html. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://www.nsd.uib.no/personvern/prosjektoversikt.jsp>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 15.05.2012, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen


Bjørn Henriksen


Linn-Merethe Rød

Linn-Merethe Rød tlf: 55 58 89 11
Vedlegg: Prosjektvurdering
Kopi: Vidar Espen Sæbø, Skogfaret 13, 1430 ÅS

Avdelingskontorer / District Offices:

OSLO: NSD, Universitetet i Oslo, Postboks 1055 Blindern, 0316 Oslo. Tel: +47-22 85 52 11. nsd@uio.no
TRONDHEIM: NSD, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, 7491 Trondheim. Tel: +47-73 59 19 07. kyrre.svarva@svt.ntnu.no
TROMSØ: NSD, SVE, Universitetet i Tromsø, 9037 Tromsø. Tel: +47-77 64 43 36. nsdmas@svt.uit.no

Personvernombudet for forskning



Prosjektvurdering - Kommentar

Prosjektnr: 30096

Utvalget består av ansatte ved jordskifteretten og fylkesmannen. Data samles inn via personlig intervju.

Førstegangskontakt foretas via ledelsen. Det gis skriftlig og muntlig informasjon til utvalget. Personvernombudet legger til grunn at utvalget får informasjon om følgende, jf. telefonsamtale med prosjektleder av 10.04.12:

- Formålet med prosjektet
- Hvilke opplysninger som innhentes og hva opplysningene skal brukes til
- At opplysningene innhentes gjennom intervju, og at det gjøres lydopptak under intervju
- At prosjektet skal fullføres innen 15. mai 2012, og at datamaterialet anonymiseres ved prosjektslutt
- At deltakelse er frivillig, og at et samtykke kan trekkes tilbake så lenge studien pågår uten at man må oppgi grunn
- At data behandles konfidensielt
- Navn og kontaktopplysninger til behandlingsansvarlig institusjon, student og veileder
- Det kan med fordel angis at prosjektet er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS.

I henhold til prosjektmelding, skal innsamlede opplysninger anonymiseres ved prosjektslutt 15.05.2012. Ombudet minner om at anonymisering innebærer at direkte personidentifiserende opplysninger som navn/navneliste slettes, og at indirekte personidentifiserende opplysninger (sammenstilling av bakgrunnsopplysninger som f. eks. sted, yrke, alder, kjønn) fjernes eller endres.

Vedlegg 3 – Intervjuguide til jordskifterettane

Jordskifterettane

Korleis er praksis hjå dykk for å handsame ei vernesak?

(steg for steg)

Kor lang er sakshandsamingstida på ei vernesak? Om de har ca-tal?

Korleis påverkar dette ressurstilgangen dykkar

Økonomisk?

Personell?

Teknisk?

Positive/negative erfaringar med å handsame slike saker?

Korleis ser på du på at jordskifterettane skal handsame denne typen sak?

Korleis er praksis hjå dykk kring avvik mellom grenseskildring og kart?

Dette til dømes der det går fram at vernegrensa skal følgje eigedomsgrensa, men kartet avvik.

Er det tekst eller kart som er gjeldande?

Kan du greie ut litt om forholdet jordskifteretten din har til vernestyresmaktene?

Dette vere seg i hovudsak fylkesmannen

Tek de inn sideutgifter?

Dersom ja, kva nyttar de desse til?

Dersom nei, kvifor ikkje?

Hugsar du kor ofte det vert kravd at jordskifteretten skal avgjere eigedomsgrense som underliggjande rettsforhold gjennom vernesakene?

Kven krev dette?

Ingeniører

Korleis merkar de ei vernegrense?

Berre i knekkpunkt?

Alt. Kor lange er intervalla på rette grenser?

Korleis gjer de det der vernegrensa kryssar eigedomsgrense?

Korleis gjer de det i forhold til å avvike vernegrensar?

De møter gjerne punkt der det ikkje let seg gjere å måle inn?

Kva vert for stort avvik?

Vedlegg 4 – Intervjuguide til fylkesmenna

Fylkesmenna

Brukar de jordskifteretten til å merke opp vernegrenser?

Kvifor?

Kvifor ikkje?

Ser du på jordskifteretten som beste alternativet til å handsame vernesaker?

Kvifor?

Kvifor ikkje?

Alternativt kven meiner du burde gjort denne jobben?

Har det vore prøvd andre praktiske måtar å få merka opp vernegrensene?

No eller tidlegare?

Kan du tenke deg noko alternativ til jordskifteretten?

Kan det setjast spørsmål med kvaliteten på gjeldande vernekart, i forhold til målestokk og storleiken på vernegrensa? Kva kan i så fall dette skuldast?

Når kravet kjem til jordskifteretten er det ofte mangelfull partsliste, kvifor det?

Ser du tiltak som kunne vore gjort for å betre dette?

Finnast det rådslaging mellom forvaltninga og jordskifteretten gjennom handsaminga av vernesaker?

Veit du korleis denne typen saker vart løyst før jordskifteretten kom inn i bilete?